

Møteprotokoll

Utval:	Fylkestinget
Møtestad:	Digitalt møte
Dato:	09.03.2021: 09:00-16:20 10.03.2021: 09:00-17:25

Tysdag 09.03.2021
Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Ruth Linda Merethe Monsen	Medlem	A	
Merkesdal			
Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafloy	Medlem	UA	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Morten Klementsens	Medlem	UA	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	UA	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	Permisjon frå 09:00-14:00
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Helge Stormoen	Medlem	FRP	
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H	
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen	Medlem	H	
Indrevik			
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF	Permisjon frå 09:00-10:00
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	

Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP	
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	SP	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Sigrd Brattabø Handegard	Medlem	SP	Permisjon frå 11:30-14:00
Hilde Horpen	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP	
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP	
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP	
Lars Fjeldstad	Medlem	SP	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknad
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	
Tor Andre Ljosland	Medlem	KRF	
Senea Sabanovic	Medlem	A	
Gunhild Berge Stang	Medlem	V	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tom Hiis Bergh	Alfred Jens Bjørlo	V
Stein Robert Osdal	Tor Andre Ljosland	KRF
Hildegunn Eiane Aarthun (09:00-10:00)	Kristina Vakt skjold Hamre	KRF
Gustav Bahus (09:00-14:00)	Terje Søviknes	FRP
Samson Hamre (11:30-14:00)	Sigrd Brattabø Handegard	SP
Katrine Helland Johannessen	Senea Sabanovic	A
Geir Kjell Andersland	Gunhild Berge Stang	V

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Onsdag 10.03.2021

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Anne Gine Hestetun	Medlem	A	
Arve Helle	Medlem	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Medlem	A	

Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A	
Karianne Alette Torvanger	Medlem	A	
Stian Jean Opedal Davies	Medlem	A	
Kine Bratli Dale	Medlem	A	
Torbjørn Vereide	Medlem	A	
Nina Bognøy	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Ruth Linda Merethe Monsen	Medlem	A	
Merkesdal			
Per Jarle Kosior Valvatne	Medlem	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Trym Helge Aafløy	Medlem	UA	
Morten Klementsén	Medlem	UA	
Odd Erik Lind	Medlem	FNB	
Nils Haugland	Medlem	FNB	
Hege Nygård Dale	Medlem	UA	
Terje Søviknes	Medlem	FRP	
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP	
Helge Stormoen	Medlem	FRP	
Frank Willy Pedersen Djuvik	Medlem	FRP	Permisjon frå 16:30
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Noralv Distad	Medlem	H	
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H	
Dan Stian Femoen	Medlem	H	
Hanne Eva Husebø	Medlem	H	
Kristensen			
John Andre Kongsvik	Medlem	H	
June Vibecke Knudtsen	Medlem	H	
Indrevik			
Jana Midelfart Hoff	Medlem	H	Permisjon frå 16:00
Karl Vågstøl	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Gunnar Moland	Medlem	H	
Trude Brosvik	Medlem	KRF	
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KRF	
Natalia Antonia Golis	Medlem	MDG	Permisjon frå 10:00-11:30
Mark Taylor	Medlem	MDG	
Pauline Tomren	Medlem	MDG	
Mona Høgli	Medlem	MDG	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP	Permisjon frå 14:10-15:30
Jeanette Onarheim Syversen	Medlem	R	Permisjon frå 13:45-14:00
Terje Kollbotn	Medlem	R	
Jon Askeland	Medlem	SP	
Jenny Ellaug Følling	Medlem	SP	
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP	
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	SP	
Hilde Horpen	Medlem	SP	
Alexander Fosse Andersen	Medlem	SP	
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP	
Mette Heidi Bergsvåg	Medlem	SP	
Ekrheim			
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP	
Lars Fjeldstad	Medlem	SP	
Marthe Hammer	Medlem	SV	
Åsmund Berthelsen	Medlem	SV	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
Marianne Sæhle	Medlem	SV	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representere	Merknader
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V	
Tor Andre Ljosland	Medlem	KRF	
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Rosalind Fosse	Medlem	FRP	
Gunhild Berge Stang	Medlem	V	
Senea Sabanovic	Medlem	A	

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tom Hiis Bergh	Alfred Jens Bjørlo	V
Stein Robert Osdal	Jon Olav Økland	KRF
Tore Fossen	Sonja Merethe Øvre-Flo	H
Josefine Gjerde (10:00-11:30)	Natalia Golis	MDG
Petter William Haraldsen Haugland (16:00-17:25)	Jana Midelfart Hoff	H
Hogne Bleie	Rosalind Fosse	FRP
Leif Fjellro	Knut Inge Andersen	UA
Geir Kjell Andersland	Gunhild Berge Stang	V
Katrine Helland Johannessen	Senea Sabanovic	A

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15. og 16.12.2020	2019/65	
	Referatsaker		
RS 1/21	Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - oppfølging av verbalforslag	2020/75517	
RS 2/21	Status oppfølging av verbalpunkt budsjett 2021: Organisasjonsgjennomgang	2021/5805	
RS 3/21	Budsjett 2020 - status oppfølging vedtekne verbalforslag	2021/5881	
RS 4/21	Drosjetilbudet i distrikta - brev frå samferdselsdepartementet	2020/73075	
RS 5/21	Godkjenning av lånegaranti overfor KODE Kunstmuseer og Komponisthjem - godkjenning av vedtak	2020/57218	
RS 6/21	Selskapskontroll av Ferde AS - kontrollutvalet seier seg ferdige med oppfølginga overfor eigar	2020/35317	
RS 7/21	Notat gjenbruk Fylkeshuset	2020/46235	
RS 8/21	Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 25.02.2021	2021/6002	
RS 9/21	Kvamppakken - tilbod om tilskot til gjeldsreduksjon	2021/5863	
RS 10/21	Jondalstunnelen - oppgjer av bompengerekneskapan	2020/59057	
	Interpellasjonar og skriftlege spørsmål		
SI 1/21	Interpellasjon frå Moland (H) - om desentralisering i Vestland fylkeskommune	2019/157	
SI 2/21	Interpellasjon frå Rasmussen (A) - Vestlandsbedriftene må følge regjeringens næringslivsråd i Vest-Sahara	2019/157	
SI 3/21	Interpellasjon frå Kolbotn (R) - Ingen fleire å miste på vestlandsvegane!	2019/157	
SI 4/21	Interpellasjon frå Syversen (R) - 6 timars normalarbeidsdag er likestilling i praksis!	2019/157	
SI 5/21	Interpellasjon frå Hammer (SV) - landstrøm til oljeutvinning er eit blindspor i klimakampen!	2019/157	
SI 6/21	Spørsmål frå Taylor (MDG) - om eit regionalt jordvern mål for Vestland	2019/157	
SI 7/21	Spørsmål frå Andersen (FNB) - om FV609 Heilevang	2019/157	
SI 8/21	Spørsmål frå Berthelsen (SV) - om mineralråd og arbeidet med berekraftig mineralutvinning	2019/157	
SI 9/21	Spørsmål frå Golis (MDG) - Gjenbruk/ redesign i våre bygg	2019/157	
	Politiske saker		
PS 1/21	Finansforvaltninga i 2020	2020/50307	
PS 2/21	Årsmelding 2020 for Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune	2020/37302	
PS 3/21	Strakstiltak innan opplæringssektoren	2021/5933	
PS 4/21	Arbeidsutval - utvida mandat til å vurdere regulering av partistøtte	2019/13	
PS 5/21	Reisetidsgaranti for elevar i vgo - oppfølging av lokal forskrift om inntak og formidling	2020/12	
PS 6/21	Oppfølgingstenesta - tiltak inkludert evaluering av produksjonsskulen	2020/79315	
PS 7/21	Fråværsreglement for dei vidaregåande skulane i Vestland - vurdering av politisk arbeid	2021/2295	
PS 8/21	Byggestart ny vidaregåande skule i Førde	2021/2703	
PS 9/21	Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune	2020/35844	
PS 10/21	Handlingsprogram for kollektiv - tiltak 2021	2020/121	
PS 11/21	Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Endring av garantivedtak	2020/49137	
PS 12/21	Fv. 5156 Åsen - Helleskaret, endringar i investeringsprosjektet	2021/1678	

PS 13/21	Vidare deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi	2020/70518
PS 14/21	Museumspolitik i Vestland	2020/70846
PS 15/21	Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland	2020/73796
PS 16/21	Val av ny vara til stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum	2019/11
PS 17/21	Val av medlem til styringsgruppa Invest in Bergen	2019/11
PS 18/21	Val av fylkekommunen sine medlemmer i mangfaldsutvalet i Vestland	2020/62317
PS 19/21	Kvamppakken - tilskot til takstreduksjon	2021/5863
PS 20/21	Søknad om tilskot til vitensenter	2021/1168
PS 21/21	Uttale: Vil elektrifisering av sokkelen hinda nye grøne arbeidsplasser i Vestland ?	
PS 22/21	Fråsegn: Kjønnsdelte garderobar på fylkeskommunale byggeplasser.	
PS 23/21	Uttale - GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksportervis meir.	
PS 24/21	Fråsegn: MVA-fritak for alternativ behandling	
PS 25/21	Desentralisering i Vestland fylkeskommune	
PS 26/21	Vestlandsbedriftene må følgje regjeringas næringslivsråd i Vest-Sahara	
PS 27/21	6 timars arbeidsdag er likestilling i praksis!	
PS 28/21	Landstrøm til oljeutvinning er eit blindspor i klimakampen	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

Natalia Golis (MDG) gjorde framlegg om å trekke PS 18/21 frå sakskartet. Fylkestinget vedtok samrøystes å trekke PS 18/21 frå sakskartet.

Det vart røysta over om følgjande saker og interpellasjonar skulle på saklista som politiske saker (vedtakssaker):

Tittel	Forslagsstillar	Avrøysting	Saksnummer
Kvamppakken - tilskot til takstreduksjon	Jon Askeland (Sp)	Samrøystes	PS 19/21
Tilskot til Vitensenter	Sigbjørn Framnes (Frp)	Samrøystes	PS 20/21
Uttale: Vil elektrifisering av sokkelen hinda nye grønne arbeidsplasser i Vestland ?	Aleksander Øren Heen (Sp)	Samrøystes	PS 21/21
Fråsegn: Kjønnsdelte garderobar på fylkeskommunale byggeplasser.	Kine Bratli Dale (A)	Samrøystes	PS 22/21
Uttale: GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksporten vis meir.	Anne Gine Hestetun (A)	Samrøystes	PS 23/21
Fråsegn: MVA-fritak for alternativ behandling	Morten Klementsens (U)	Samrøystes	PS 24/21
Interpellasjonar:	Interpellant:		
Desentralisering i Vestland fylkeskommune	Gunnar Moland (H)	Samrøystes	PS 25/21
Vestlandsbedriftene må følgje regjeringas næringslivsråd i Vest-Sahara	Rasmus Laupsa Rasmussen (A)	For: 56 Mot: 9	PS 26/21
Ingen fleire å miste på Vestlandsvegane	Terje Kollbotn (R)	For: 38 Mot: 27	Ikkje satt på sakskartet
6 timars arbeidsdag er likestilling i praksis!	Jeanette Syversen (R)	Samrøystes	PS 27/21
Landstrøm til oljeutvinning er eit blindspor i klimakampen	Marthe Hammer (SV)	Samrøystes	PS 28/21

Med sak PS 19/21 til PS 28/21 lagt til saklista, vart saklista godkjent.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15. og 16.12.2020

Protokoll frå møtet 15. og 16. desember 2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Åsmund Berthelsen (SV) sette fram slik merknad til møteprotokollen frå møte 15.- og 16. desember 2020:

«Side 78 under Åsmund Berthelsen, SV ... slikt forslag:

Under mål 3, strategiar 3.1. skal det under, vert endra til, stå: Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar.

Side 79 under innstillinga til fylkesutvalet:

Under mål 3, strategiar 3.1. skal det under, vert endra til, stå: Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar.

Side 80: under innstilling til fylkestinget:

Under mål 3: Strategiar 3.1. skal det under, vert endra til, stå: Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar.

Side 81: under vedtak i fylkesting:

Under mål 3: Strategiar 3.1. skal det under, vert endra til, stå: Elevane og lærlingane har samanheng og tryggleik i alle overgangar.»

Møteprotokoll frå møte 15.- og 16. desember 2020 vart godkjent med merknaden over.

Referatsaker

RS 1/21 Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - oppfølging av verbalforslag

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 2/21 Status oppfølging av verbalpunkt budsjett 2021: Organisasjonsgjennomgang

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 3/21 Budsjett 2020 - status oppfølging vedtekne verbalforslag

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 4/21 Drosjetilbodet i distrikta - brev frå samferdselsdepartementet

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 5/21 Godkjenning av lånegaranti overfor KODE Kunstmuseer og Komponisthjem - godkjenning av vedtak

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 6/21 Selskapskontroll av Ferde AS - kontrollutvalet seier seg ferdige med oppfølginga overfor eigar

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 7/21 Notat gjenbruk Fylkeshuset

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 8/21 Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 25.02.2021

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 9/21 Kvammapakken - tilbud om tilskot til gjeldsreduksjon

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

RS 10/21 Jondalstunnelen - oppgjer av bompengerekneskapen

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 1/21 Interpellasjon frå Moland (H) - om desentralisering i Vestland fylkeskommune

Interpellasjon om desentralisering i Vestland fylkeskommune

Under koronapandemien har hverdagen for ansatte i det offentlige endret seg mye. Hjemmekontor har blitt vanlig og digitaliseringen har skutt fart. Endringen har vært helt nødvendig av smittevern hensyn, men viser samtidig store muligheter for å desentralisere deler av offentlig forvaltning. Dette gjelder også for Vestland fylkeskommune.

Den nye normalen kan bli tradisjonelle kontormiljø i fylkeshusene, kombinert med mer bruk av hjemmekontor og flere desentraliserte enheter (utekontor) gjerne knyttet opp mot kommuner, næringshager eller andre.

Vestland fylkeskommune må ha en offensiv holdning til å få flere statlige arbeidsplasser til fylket, samtidig må fylkeskommunen være offensiv for å desentralisere egen virksomhet, og utnytte nye muligheter.

Spørsmål:

Vil fylkesordfører ta initiativ til tiltak som fremmer desentralisering av arbeidsplasser i Vestland fylkeskommune?

Forslag til vedtak:

Fylkestinget ber om ei sak med konkrete tiltak for desentralisering av arbeidsplasser i Vestland fylkeskommune.

Fylkesordføreren gir slikt svar:

Interpellanten peikar på viktige problemstillingar som er aktualisert i kjølvatnet av pandemien. Kombinasjonen av tradisjonelle kontormiljø og heimekontor kan verte ei framtidig arbeidsform. Fylkesordføreren er samd i at den auka digitaliseringa av samfunnet opnar nye måtar å organisere arbeidslivet på. I denne samanhengen vil fylkesordføreren likevel minne om at Vestland fylkeskommune er ein desentral organisasjon med verksemd i store deler av fylket. Vidaregåande skular, tannklinikkar, vegkontor og kontorplassar av ulikt slag er plassert i dei aller fleste kommunane i Vestland.

Fylkesordføreren reknar med at tilpassing av arbeidslivet til «den nye normalen» i etterkant av pandemien, vil omfatte både privat og offentlig sektor. Fylkesordføreren vil aktivt ta del i dette arbeidet og vil syte for at Vestland fylkeskommune tek i bruk den nye teknologien. Dette gjeld både med sikte på auka desentralisering, som interpellanten peikar på, men og med tanke på endringar av arbeidsmåtar generelt.

I samband med gjennomgang av verkemiddelapparatet har fylkestinget bede om vurdering av utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling er i dag lokalisert på 10 ulike stader i fylket. Ytterlegare lokalisering vert vurdert ved vakansar ettersom nye lokaliseringar aukar drifts- og leigekostnader.

Fylkesrådmannen opplyser at ein framover vil vurdere i kva grad det skal leggjast til rette for fleksibel innretting mellom offisiell kontorplass og heimekontor. Nye lokaliseringar, som nemnt ovanfor, vert vurdert ved vakansar. Utviding utover dette vil som nemnt auke administrasjonskostnadane, og nye digitale arbeidsmåtar kan vere framtidige alternativ. Interpellasjonen tek også opp arbeidet med å få fleire statlege arbeidsplassar til fylket. Fylkesordføreren er samd i at dette er eit viktig arbeid og meiner ein absolutt har ei offensiv haldning til dette. Seinast viser dette i fylkesutvalet sitt møte 18. februar, der det vart vedteke fråsegn om at GIEK må flyttast til Vestland.

I interpellasjonen er det foreslått ei eiga sak der ein ser nærare på dette. Fylkesordføreren viser til verbalpunkt i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2021 om å vurdere utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar og vil tilrå at spørsmåla interpellanten reiser vert vurdert i denne samanhengen. Som kjent er det også starta ein større gjennomgang av organisasjonen, der eit av premissa er å sikre regional balanse. Denne gjennomgangen skal vere slutført innan utgangen av 2021.

I tillegg vil fylkesordføreren sjå det som naturleg at fylkesrådmannen i det vidare arbeidet ser på korleis bruken av heimekontor skal vera på varig basis og legg fram sak om dette til administrasjonsutvalet.

SI 2/21 Interpellasjon frå Rasmussen (A) - Vestlandsbedriftene må følge regjeringens næringslivsråd i Vest-Sahara

Vestlandsbedriftene må følge regjeringens næringslivsråd i Vest-Sahara

Da Spania trakk seg ut av kolonien Vest-Sahara i 1975, var det mange som håpte at det saharawiske folket endelig skulle få råderett over sitt eget land. Slik ble det ikke. I strid med folkeretten, invaderte Marokko territoriet, og deler av Vest-Sahara har vært okkupert siden. Gjennom 16 år pågikk det en væpnet konflikt i territoriet, før man i 1991 inngikk en våpenhvile.

Ifølge våpenhvileavtalen skulle det i 1992 gjennomføres en folkeavstemning i Vest-Sahara om territoriets framtidige status. Den folkeavstemningen er enda ikke avholdt. Det saharawiske folkets rettigheter er støttet av mer enn hundre FN-resolusjoner og av en viktig avgjørelse fra Den internasjonale domstolen i Haag. FN og det internasjonale samfunn anerkjenner ikke Marokkos krav på Vest-Sahara

Norske myndigheter fraråder norsk næringsliv fra å engasjere seg i handel, investeringer, naturressursutnyttelse og andre former for næringsvirksomhet i Vest-Sahara «som ikke er i samsvar med saharawienes ønsker, og følgelig kan være i strid med folkeretten." (Søreide, Stortinget, 17.06.2019, <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=76483>)

Det er tverrpolitisk enighet om denne posisjonen.

Til tross for at det er brudd på både folkeretten og norske myndigheter klare råd, bidrar norsk næringsliv til å finansiere Marokkos okkupasjon av territoriet gjennom sin næringsvirksomhet. Dessverre er næringsliv fra vårt fylke sterkt overrepresentert blant disse selskapene. Et overslag gjort av Støttekomiteen for Vest-Sahara basert på offentlig tilgjengelig informasjon viser at verdiane bedrifter fra vårt fylke har høstet ut av Vest-Sahara i samarbeid med marokkanske bedrifter er i overkant av to milliarder kroner siden år 2000.

Til sammenlikning har flyktingene - altså de som eier ressursene, mottatt mellom 3 og 5 millioner kroner årlig i humanitær bistand, nødhjelp, fra Norge. Dette er svært omtrentlige tall, men den humanitære støtten kan fort tilsvare under 2 prosent av verdien de har mistet på grunn av Vestlandsselskapenes samarbeid med okkupanten.

Oljefondets etikkråd, FNs Menneskerettighetsråd og FNs generalsekretær har ved gjentatte anledninger understreket at flyktingene fra Vest-Sahara selv ikke tjener noe på Marokkos folkerettsstridige plyndring av territoriet. EU-domstolen har i fire dommer fra 2016 til 2018 slått fast at det ikke kan inngås handelsavtaler med Vest-Sahara uten at det er gjort etter samtykke fra Vest-Saharas folk. Dette er i tråd med norsk politikk. Felles for selskapene fra Vestland som er involvert i handelen er at ingen av dem har forsøkt å innhente slikt samtykke.

Spørsmål:

Vil fylkesordføreren ytre en åpen forventning til næringslivet i Vestland om at det skal rette seg etter norsk frarådning, og ikke engasjere seg i aktiviteter i territoriet uten først å ha oppnådd samtykke fra Vest-Saharas folk?

Forslag til vedtak:

Fylkestinget i Vestland støtter vurderingen til norske myndigheter, Oljefondets etikkråd, FNs menneskerettighetsråd og ber næringslivet i Vestland om å avstå fra aktiviteter i territoriet som er i strid med ønskene til Vest-Saharas folk

Fylkesordføreren gir slikt svar:

Fylkesordfører vil å gje eit relativt kortfatta svar på interpellasjonen, og understrekar at den er høgst relevant. Men, den ligg kanskje i ytterkant av fylkeskommunen sitt kompetanseområde. Fylkeskommunen har ikkje mynde til å gripa inn i næringslivet sine disposisjonar i området. Men, som folkevald organ kan fylkestinget understreka at me forventar at aktørar heimehøyrande i fylket

rettar seg etter både norsk lov og norske til- og frårådingar. Dette prinsippet understreka fylkestinget sist haust ved interpellasjonen om Wizzair. Fylkesordføraren stør forslaget.

SI 3/21 Interpellasjon frå Kolbotn (R) - Ingen fleire å miste på vestlandsvegane! INGEN FLEIRE Å MISTE PÅ VESTLANDSVEGANE!

Til fylkesordførar Jon Askeland.

Forrige helg skjedde det nok ei tragisk dødsulukke på Vestlandsvegane - denne gongen på fylkesveg 57 mellom Lindås og Mongstad i Alver kommune. Dette var den 6. dødsulukka på denne farlege strekninga. I perioden 2006 -2015 var det registrert 27 trafikkulukker på denne strekninga, med 38 personskader, herunder 6 hardt skadde i fylgje planavdelinga i fylket. Vegen er smal, uoversiktleg, med lite lys, og gåande og syklande må nytte vegbanen. Slik er diverre tilstanden for altfor mange av fylkesvegane og riksvegane i fylket - og altfor lite eller ingenting blir gjort på grunn av manglande finansiering.

Vestland fylkeskommune har utarbeidd eit forslag til reguleringsplan for Fv 57 i samarbeid med kommunen. Denne er no ute på 2. gangs høyring, med forslag om gang- og sykkelveg og sikre kryssløysingar. Etter slutthandsaming av reguleringsplanen om kort tid er det likevel uvisst om no blir gjort dei næraste åra - på grunn av manglande finansiering. Kommunen har tidlegare tatt initiativ til å omklassifisere trafikkerte og farlege strekninga - den farlegaste i Lindås - frå fylkesveg til riksveg, utan resultat til no.

På denne bakgrunn vil eg be fylkesordføraren om å svare på fylgjande spørsmål:

1. Er fylkesordføraren samd i at trafikkisikring - inkludert gang- og sykkelveg - langs fylkesveg 57 mellom Lindås og Mongstad er overmodent for gjennomføring?
2. Støttar fylkesordføraren kravet om at fylkesveg 57 blir omklassifisert til riksveg og blir sikra ei snarleg finansiering - og korleis vil fylkesordføraren i so fall fylgje dette opp?
3. Vil fylkesordføraren ta initiativ til å utforme ein felles strategi i Vestland fylkesting for å løfte fram ras- og trafikkisikring i Vestland fylke som ei hovudsak i god tid før Stortinget skal handsame Nasjonal Transportplan (NTP) våren 2021?

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Vestland fylkesting ber fylkesrådmannen ta initiativ til å leggje fram ei sak om omklassifisering av Fv 57 frå fylkesveg til riksveg, med forslag til finansieringsalternativ når reguleringsplanen som no er ute på høyring, er vedtatt.
2. Vestland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei melding med oversikt over alle trafikkulukker (herunder dødsulukker) på alle fylkes- og riksvegane i fylket frå 2000 til i dag.
3. Vestland fylkesting i samarbeid med fylkesordføraren og fylkesordføraren, vil løfte trafikk- og rassikring i Vestland fylke som ei felles hovudsak for å få kraftig gjennomslag nasjonalt i samband med handsaminga av NTP i Stortinget våren 2021.

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Spørsmål 1:

Strekninga mellom Lindås og Mongstad er omlag 10,5 km lang. Vegen går gjennom ubygde og spredt utbygde område. Fartsgrensene varierer mellom 60 km/t, 70 km/t og 80 km/t. Det er ikkje gang- og sykkelveg, det er ikkje veglys, men gul midtlinje på heile strekninga. Trafikkmengda er 4 600 køyretøy per døger i sør og 3 600 køyretøy per døger i nord.

I 10-årsperioden 2010-2019 (tal for 2020 er ikkje endelege) er det registrert 19 trafikkulukker med personskade mellom Lindås og Mongstad. Tre personar er drepne, tre er alvorleg skadde og 15 er lett skadde i desse ulukkene. Det er ikkje registrert fotgjengarulykker i perioden. Den dominerande ulykkestypen for strekninga er utforkøyringar.

Fylkesordføraren er einig i at det er trong for å utbetre denne vegstrekninga. Reguleringsplan for samanhengande gang- og sykkelveg og vegutbetring ligg no ute til 2. gongs høyring. Ved bygging i tråd med denne planen vil strekninga mellom Lindås og Mongstad bli sikrare for både dei køyrande, og ikkje minst for mjuke trafikantar. Finansiering er ikkje på plass, og tiltaket må vurderast opp mot andre viktige utbetringar av fylkesvegnettet.

Fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad er ein viktig transportveg i Vestland fylke. Det er ikkje berre mellom Lindås og Mongstad at det er trong for trafikksikringstiltak. Lenger sør, der trafikken er enda høgare, er det også delstrekningar som mellom anna manglar gang- og sykkelveg og veglys. I trafikksikringsbudsjettet for 2021 er det løyvd midlar til å belyse strekninga straks sør for Hundvintunnelen. Dette er eit område med vegkryss og busslommer der fotgjengarar kryssar vegen. Det er fleire slike stadar på fv. 57 sør for Lindås.

Spørsmål 2:

Etter § 3, 2. ledd i veglova kan departementet ta opp fylkesveg, kommunal veg eller privat veg som riksveg, etter uttale frå fylkeskommunen. Eit av kriteria for å kunne omklassifisere ein fylkesveg til riksveg er at vegen går til nasjonale knutepunkt, under dette større vegar med sterke næringsinteresser.

Fv. 57 blei i samband med forvaltningsreforma i 2010 nedklassifisert frå riksveg til fylkesveg. Det stemmer at det i etterkant har blitt drøfta at vegen burde blitt tatt opp igjen til riksveg på bakgrunn av sin status som ein viktig overordna fylkesveg. Som del av arbeidet med Nasjonal transportplan 2018-2029 vart det vurdert å overføre ein del fylkesvegar på landsbasis til riksvegar. I Hordaland vart to vegar vurderte ut i frå kriteriet om vegar med sterke næringsinteresser; fv. 561 Kolltveit - Sture i Øygarden kommune og fv. 57 Knarvik - Mongstad. Ettersom ein då var midt i prosessen med å førebu regionreforma, meinte fylkestinga både i Sogn og Fjordane og Hordaland i desember 2015 at det ikkje var ønskjeleg å endre eigarskapen til vegnettet på det tidspunktet. Fylkesutvalet i Hordaland peikte m.a. på at behovet for å auke satsinga på «større vegar med sterke næringsinteresser» vil kunne ivareta ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vert ytterlegare styrka. Vidare uttala Hordaland fylkeskommune at det er vanskeleg å sjå at endring i eigarskapet på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.

For tida pågår det ingen prosessar med overføring av fylkesvegar til riksvegar, slik at eg finn ikkje det naturleg å ta opp ein sak om omklassifisering av fv. 57 Knarvik-Mongstad til riksveg no. Eg legg også vekt på at det er store behov på riksvegnettet, og det er ikkje nødvendigvis grunn til å tru at fv. 57 vil bli høgare prioritert om den blir riksveg.

Vestland fylkesting vedtok ikkje omklassifisering av FV 57 i innspelet til NTP, slik at det derfor må påreknast ein fireårs horisont før spørsmålet kan handsamast på nytt.

Spørsmål 3:

Vestland fylkesting handsama 12. mai 2020 i PS 24/2020 innspel til Nasjonal transportplan. Fylkestinget uttala mellom anna at «...liv og helse må prioriterast først, og at transportnettet vårt må vere trygt, framkomeleg og bidra til balansert utvikling i heile fylket.» Vidare uttala fylkestinget at «Fylkesvegane må vere trygge og framkommelege og sikrast mot ras og flaum. Fylkestinget viser til, og støttar, Nasjonal rassikringsgruppe sitt krav om å utbetre alle punkt med skredfaktor høg og middels.».

I den dialogen eg har hatt med sentrale styresmakter, har eg lagt særleg stor vekt på å fremje dette. Eg oppfattar det slik at heile fylkestinget er einige om dette og jobbar for trafikktryggleik og skredsikring. Dette vil framleis vere vårt bodskap fram mot vedtak av NTP i juni i Stortinget.

Fylkesordførar kan opplysa om at det vert arbeidd med eit kunnskapsgrunnlag for skredsikring som underlag for RTP.

SI 4/21 Interpellasjon frå Syversen (R) - 6 timars normalarbeidsdag er likestilling i praksis!

6 timars normalarbeidsdag er likestilling i praksis!

Fordelene med 6-timarsdagen er mange. Mange av dei som allereie jobbar deltid, og som ikkje får høgare stilling eller som av ulike årsaker ikkje kan arbeide meir, vil få moglegheit til full lønn. Dette vil gi svært mange eit betre grunnlag for økonomisk sjølvstende og skape eit meir inkluderande

arbeidsliv. **Tida er inne** for å løfte kravet om arbeidstidsreduksjon og seks-timars-dagen, fordi at ved å dele på arbeidet, vil fleire kunne delta i arbeidslivet og leve fullverdige liv med det, over fleire år.

Måndagen før dette fylkestinget var **kvinnedagen: 8. mars**. I lys av Covid-19 pandemien, er kvinnerørslas krav om 6-timers normalarbeidsdag meir aktuelt en nokon gong! Det er i yrka kor kvinner er overrepresenterte at arbeidsmengda er langt større enn løna. **Applausen** for den intense innsatsen som er gjort av **frontlinje-fagarbeidarane**, er ikkje mykje verdt om den ikkje blir følgd opp av konkrete tiltak som kan betre arbeidsforholda. 6-timars normalarbeidstid er eit slikt tiltak. For hjelpepleiaren, omsorgsarbeidaren, reinhaldsarbeidaren og andre lågtløns-yrker, vil redusert normalarbeidsdag, med full lønskompensasjon, bety betre helse og **meir tid til å leve**. Det er menneske i typisk slitaryrke som oftast er utsett for belastningslidingar og slitasjeskader, noko som fører til at ein ikkje klarar å opparbeide seg ein anstendig pensjon, når ein ikkje klarar å stå lenge nok i jobb, slik pensjonsreforma legg opp til. Det er dessutan i typiske slitaryrke at mange vert heilt eller delvis uføre, før ein når 62 år. Vi veit mykje om dei **positive verknadene 6-timars normalarbeidsdag** har hatt for arbeidarane ved **Tine Heimdal**, som i over 12 år med 6-timars arbeidsdag kunne vise til auka produktivitet, betre helse, trivsel og auka livskvalitet for dei tilsette. Ein vinn-vinn situasjon for arbeidsgjevar, tilsette og staten.

Raudt fremja i Desembertinget 2020 eit verbalframlegg for utreiing av eit prøveprosjekt der 6-timarsdagen blir forsøkt, **innan fylkeskommunens reinhald, på ein utvalt skule**. Vi sette av 6 millionar i vårt alternative budsjett til det formålet. Vi vil at fylkeskommunen skal gå fremst i utviklinga **som ein open og modig arbeidsgjevar**. Vi vil med denne interpellasjonen invitere fylkestinget med på å stille seg bak intensjonen i det verbalforslaget.

Eit krav om meir fritid gjennom ein kortare normalarbeidsdag, har vore eit samlande krav for kvinnerørsla i **Arbeiderpartiet** og jamvel for kvinnene i **Høgre** heilt sidan 80-talet då kvinnene for alvor gjorde inntog i det norske arbeidslivet. Å dele meir på arbeidet, både profesjonelt og i heimen, er **framtidens likestillingspolitikk**.

Spørsmål:

1. Er fylkesordfører samd med Raudt i at Vestland fylkeskommune skal ta ei ledande rolle som arbeidsgjevar i likestillingspolitikken, og ser Fylkesordfører potensialet og fordelane som ligg i 6-timars normalarbeidsdag for tilsette i slitar-yrka og samfunnet elles?
2. Er fylkesordfører samd i at fagarbeidarar innan lavt løns yrker som til dømes reinhald, fortener meir enn applaus for innsatsen dei har gjort under heile pandemisituasjonen?
3. Vil fylkesordføraren ta initiativ til å framheve Vestland fylkeskommune som ein open og modig arbeidsgjevar, på vegne av tilsette i reinhaldsseksjonen, ved å løfte fram 6-timars normalarbeidsdag som eit tiltak for å fremje med bestemming på arbeidsplassen og helsefremjande arbeidsmiljø?

Forslag til vedtak:

Vestland fylkesting stiller seg positiv til eit pilotprosjekt for 6-timars arbeidsdag med full lønskompensasjon i Vestland fylkeskommune, både i nord og sør-delen. Fylkestinget ber om at administrasjonen går i dialog med fagforeningane og vernetenesta, for å velje aktuelle reinhaldsavdelingar, greie ut kostnader og potensielle innsparingar ved til dømes redusert sjukefråvær. Det vert sett ned eit partssamansett utval som skal arbeide fram ein modell for eit pionerprosjekt for 6-timars normalarbeidsdag, for reinhaldsarbeidarar ved ein utvalt skule i nord og ein i sør-delen av fylket. Pionerprosjektet skal presenterast for det første fylkestinget våren 2022, med sikte på oppstart innan 2023, og skal evaluerast etter eit år.

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Spørsmål 1:

Som arbeidsgjevar er Vestland fylkeskommune oppteken av likestilling og ikkje-diskriminering. Dette kjem til uttrykk på fleire område som rekruttering, lønspolitikk, deltid/heiltid, kompetanseutvikling, kjønnslikestilling m.v. Fylkeskommunen er plikta etter likestillings- og diskrimineringslova å årleg rapportere om likestillingsarbeidet.

Når det gjeld 6-timars normalarbeidsdag for slitar-yrka så viser fylkesordfører til at dette har vore prøvd ut både i offentleg og privat sektor. Forsking har vist at forsøk med 6-timars dag ikkje har gitt dei resultatane ein hadde ønska og dei fleste forsøksprosjekta er lagt ned. Det er ikkje påvist ein sikker samanheng mellom 6-timars dag og sjukefråvær og/eller medisinsk helse. Tilsette har vore

nøgde med ordninga og har fått eit betre sosialt liv, men resultatata totalt sett i høve til effektmål har ikkje vore gode nok. Dessutan kan ordninga med 6-timars dag vere kostnadskrevjande for arbeidsgjevar.

Fylkesordførar er positiv til å sjå på ordningar som kan lette arbeidssituasjonen for dei som jobbar i tunge yrke, men meiner at 6-timars dag ikkje er rette verkemiddelet.

Spørsmål 2:

I samband med pandemisituasjonen har det nasjonalt vore retta spesiell merksemd mot dei yrkesgrupper som har stått i frontlinja under koronaen. Dette gjeld særskild helsepersonell, men og andre viktige stillingsgrupper som lærarar, butikktilsette, reinhaldarar m.fl. Som kjent var det eit magert lønsoppgjær i offentleg sektor i 2020 der ingen yrkesgrupper vart forfordelt, naturleg nok.

Fylkesordførar har ikkje problem med å sjå at fleire stillingsgrupper i fylkeskommunen har gjort ein stor innsats i den krisesituasjonen vi har vore i, utan å framheve einskildgrupper. Det vil sjølv sagt vere ein krevjande balanse å hensynte ei yrkesgruppe framfor andre i ein økonomisk vanskeleg situasjon.

Spørsmål 3:

Verdigrunnlaget til Vestland fylkeskommune er kompetent, open og modig. Så langt det let seg gjere er desse verdiane styrande for den verksemda som fylkeskommunen står for og utøver.

Reinholdsgruppa i VLFK har eit relativt høgt sjukefråvær (ca 11%). Dette kan gå ut over både produktivitet og arbeidspress i gruppa. Som eit langsiktig arbeid vert det jobba aktivt for å gjere arbeidsprosessane enklare og lettare for reinhaldarane. Mellom anna har ein dei siste åra auka delen maskinvask vesentleg og har starta uttesting av robotvask for å lette reinhaldsarbeidet. Fylkeskommunen vonar å sjå effekten av desse tiltaka på sjukefråværet på sikt.

Fylkesordførar vil vere tilbakehalden med å løfte fram 6-timars normalarbeidsdag for reinhaldarane som eit tiltak for helsefremjande arbeidsmiljø og medråderett på arbeidsplassen. Fylkesordførar er likevel positiv til at det vert arbeidd vidare med å finne gode ordningar for reinhaldarane som gir auka trivnad, betre arbeidsmiljø, redusert sjukefråvær og positiv helseeffekt. Eit grep i den samanheng er utgreiing av vikarpool i eigenregi for eigedom og opplæring som óg vil omfatta reinhaldarane jf. verbalpunkt i budsjettvedtaket for 2021.

Avslutningsvis vil eg peika på at interpellasjonen prinsipielt er ei nasjonal sak, som partane i arbeidslivet sentralt må drøfta og avgjera. Fylkeskommunen rettar seg etter nasjonalt vedteken politikk.

SI 5/21 Interpellasjon frå Hammer (SV) - landstrøm til oljeutvinning er eit blindspor i klimakampen!

Landstrøm til oljeutvinning er eit blindspor i klimakampen!

Klimagassutsleppa frå petroleumsaktivitetar på norsk sokkel har auka med 78 % dei siste tretti åra, og står i dag for 28 % av Noregs totale klimagassutslepp. Gassturbinar brukt til kraftproduksjon på plattformane og fakling står for ein vesentleg del av dei samla CO₂-utsleppa frå sokkelen. For at Noreg skal klare sine forpliktingar i Parisavtalen og kutte innanlandske utslepp, er det vesentleg å redusere desse utsleppa.

Equinor skal nå bruke 50 milliardar på å elektrifisere norsk sokkel. Dette vil redusere selskapets utgifter til betaling av framtidig CO₂-avgift, og det er med å bygge omdømme til Equinor som eit «grønt» selskap. Samtidig må vi vere ærlege på at dei store investeringane og infrastrukturen som elektrifisering etter all sannsynlighet vil bidra til å forlenge oljealderen.

Vi bør også bekymre oss for kor krafta til elektrifisering skal komme frå. I notat om elektrifisering til hovudutval for næring 17.2.21 står det at «*Det er planar om nytt forbruk på totalt 2800 MW Bergensregionen. (...) 1/3 gjeld vidare elektrifisering av sokkelen*». Elektrifisering av sokkelen er derfor ein vesentleg drivar for energi, og slik det er per no så er det lagt opp til at straumen skal komme frå land. Det er grunn til å frykte at det vil føre til et større press på å bygge ut meir vindkraft og fleire vassdrag, og det er stor grunn til å forvente at nye kraftledningar vil medføre nye masteaksjonar viss desse vert lagt i verdifulle kyst- og fjellområde. Samtidig vil energi som kunne

blitt brukt til å elektrifisere og bygge ut landbasert grøn industri, bli brukt i fossilbransjen i staden. Dette er sløsing med rein energi.

I «Tilleggsinnspel frå Vestland til stortingsmelding om verdiskaping frå norske energiressursar» i fylkesutvalet 2.3.21 beskriv situasjonen godt: *«Kraftsituasjonen i Bergensområdet er så anstrengt at det er helt naudsynt med spesiell innsats for å få nettiltaka i Bergensområdet raskare på plass. Skal Vestland og Noreg koma sigrande ut av det grønne skiftet på ein måte som gagnar både klima, økonomi og levekår er det avgjerande at ekstraordinære tiltak gjennomførast. Me er i det grønne skiftet no, næringslivet ser etter aktuelle lokasjonar. Har me ikkje straum til det grønne skiftet no, er vi heller ikkje med etter 2025, då har industrien etablert seg andre stader enn Vestland.»*

Det er forbrenninga av olje og gass eksportert frå Norge, og ikkje sjølve produksjonen, som står for dei største utslippene. Klimagevinsten av elektrifisering er tilnærma null - kanskje til og med negativ viss det betyr færre grønne omstillingstiltak på land fordi dei store pengane vert brukt til å holde liv i petroleumsbransjen, og fordi all den rene krafta vert brukt til elektrifisering av sokkelen og ikkje til oppbygging av fornybar næring. Det har vi verken råd eller tid til! Saka i næringsutvalet skriv at det er behov for ekstraordinære tiltak, raskt.

Det er eit stort potensial for havvind, men utviklinga går for sakte, dette til tross for at Equinor har fått over ein milliard i støtte frå ENOVA til arbeidet. Ein måte å både kunne elektrifisere sokkelen og samtidig redusere presset på ny fornybar utbygging på land, er å vere tøffare i kravet om at oljenæringa må skaffe straumen sjølv gjennom oppbygging av havvind. Eit slikt pålegg om å skaffe tilsvarande straumforbruk gjennom ny havvindproduksjon, saman med ei kraftig auke i CO₂-avgifta på sokkelen, vil kunne gjere at utviklinga av havvind går raskare, og vi får elektrifisert sokkelen samtidig. I tillegg kan investeringane nyttast etter oljealderen i form av fornybar energiproduksjon.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- Notat om elektrifisering gitt til næringsutvalet viser at elektrifisering av sokkelen basert på landstraum er ein svært stor drivar for auka fornybar energi. meiner fylkesordføraren det er riktig å elektrifisere sokkelen med landstrøm viss dette fører til auka press på meir vindkraftutbygging, nye kraftkablur i verdifull natur og det fortrenger anna fornybar industrisatsing?
-
- Korleis stiller fylkesordføraren seg til at elektrifisering av sokkelen bør skje gjennom eit pålegg der oljenæringa må skaffe straumen sjølv gjennom oppbygging av offshore havvind, kombinert gjennom kraftig auka CO₂-avgifter på sokkelen?

Framlegg til vedtak:

Fylkestinget i Vestland meiner elektrifisering av sokkelen basert på landstraum er feil veg å gå fordi det vil føre til auka press vindkraftutbygging, nye kraftkablur i verdifull natur og det kan fortrenge anna fornybar industrisatsing. Fylkestinget meiner at elektrifisering av sokkelen må skje gjennom ei kraftig auke i CO₂-avgifter på sokkelen, kombinert med eit pålegg om at oljenæringa må skaffe straumen sjølv gjennom oppbygging av offshore havvind. Berre slik kan ein forsvare å nytte så mange milliardar på dette da det kan bidra til ny næring og ny kraftproduksjon.

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Spørsmål 1:

Eg tolkar tidelegare vedtak og uttalar i Hordaland/Vestland slik at me har valt ei forsiktig linje i spørsmålet, fordi me vil vera eit godt vertsfylke for olje- og gassnæringa, støtta oppunder nasjonale mål for klimagassreduksjon, og ikkje minst sikra grøn omstilling på land.

Vestland fylke er landets største kraftprodusent, med overskot av elektrisk energi, men særleg i Bergensregionen har me av historiske grunnar underdimensjonert nettkapasitet mellom indre og ytre del. Sima-Samnangerlinja skulle bøta på dette «til evig tid», men slik er ikkje situasjonen blitt få år etter.

Det stiller Vestland i ein krevjande situasjon at sokkelen vert elektrifisert viss dette gjer at utviklinga på land stoggar opp. Dette er ikkje ein motstand mot elektrifisering av sokkelen generelt. Likevel, i

eit samfunnsperspektiv, er det vanskeleg for regionen vår viss elektrifiseringa av sokkelen skal gå utover grøn omstilling på land.

Fylkeskommunen har gjennom fleire vedtak i fylkesutvalet og hovudutvalet for næring vore klare på at nettkapasiteten i fylket ikkje er tilstrekkeleg god nok, og at vi må gjere noko med dette får å få til ønskja utvikling. Ein av utfordringane for kapasiteten er planlagt elektrifisering av sokkelen. Dette har kome tydeleg fram i saksutgreiingane. Kanskje den saka som ligg tettast opp mot denne problemstillinga er konsesjonssøknaden om kraft til Nordsjøen med kabel frå Kollsnes som no ligg hjå OED.

Hordaland fylkeskommune ga fyrst innspel til konsesjonssøknaden for denne kabelen 10.10.2019. Utalen sa mellom anna at «tilstrekkeleg nettkapasitet er avgjørende for ambisjonane om verdiskaping og utvikling i regionen» og «Å erstatte fossile kraftkilder med strøm fra norsk vannkraft er en god utvikling, men det er viktig at det ikke går på bekostning av etablering av ny næringsutvikling». NVE tilrådde godkjenning av konsesjonssøknaden.

20.05.20 bad OED om merknadar til NVE si innstilling om å tilrå kraft frå land til Troll B og C, Oseberg Sør og Oseberg Feltcenter i Nordsjøen. Her uttala fylkeskommunen seg administrativt og lente seg på tidlegare vedtak. Fylkeskommunen var heilt tydelege på at elektrifisering av sokkelen ikkje måtte gå ut over andre deler av det grønne skiftet. Vi skreiv der at «Noreg skyt seg sjølv i foten ved å ofra grøn næringsutvikling i Vestland for å få ned klimagassutslepp». Per i dag har ikkje OED avgjort denne saka, sjølv om dei har sitte med den lenge og andre saker har kome og gått. Dette kan tyde på at regjeringa tek bekymringane våre på alvor. Regjeringa bør ikkje gje konsesjonar som hindrar grøn næringsutvikling i fastlandsindustrien.

Etter endringar i regelverket for konsesjonsprosessen for vindkraft er det no ikkje mogeleg å få konsesjon utan at dette er lokalt ankra. Dette gjer at det ikkje er aktuelt at elektrifisering pressar fram vindkraftutbygging der dette ikkje er ønskja utvikling på dei aktuelle lokalitetane. Vi er heilt klare på at uønskt vindkraft på land ikkje er ei aktuell løysing på elkraftutfordringane i fylket.

Når det gjeld nye kraftsamband vedtok akkurat (02.03.2021) fylkesutvalet følgjande: «7. Statnett må velja traséalternativ til Kollsnes som gjev minst mogeleg potensial for konflikt, t.d. lang sjøkabeltrasé.» minst mogeleg potensial for konflikt gjeld ikkje berre ev. folkemotstand, men òg konflikt med naturverdiar og biologisk mangfald. Fylkesutvalet vedtok òg 19.01.2021 samrøystes følgjande i fråsegn til KVU-en for Bergen og omland: «3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane...». Eg og resten av fylkeskommunen er tydelege på at utviklinga i fylket skal skje i tråd med FN sine berekraftsmål og måla i planen for innovasjon og næringsutvikling som no er på høyring, klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Det er tydeleg kommunisert frå oss, Statnett, NVE og OED i ulike samanhengar dei siste åra at betre prosessar skal utelukka nye særskilte konfliktfylte «monstermastdebatte».

Spørsmål 2:

Elektrifisering av sokkelen utan negative konsekvensar for grøn omstilling og utvikling på land er sjølv sagt å prioritere. Aller best hadde det vore med ei elektrifisering som, i alle fall på sikt, kunne bidrege til utviklinga på land. Her kan ein sjølv sagt tenkje seg at havvind på sokkelen kunne sendt rein elkraft til land når produksjonen i Nordsjøen minkar.

Eg er usikker på om det er riktig å låse seg til ei løysing her. Havvind er sjølv sagt noko vi ønskjer. Dette vedtok vi i fylkesutvalet 10.12.20 i fråsegn til stortingsmelding om langsiktig verdiskaping frå norske energiressursar. Men, det finst òg andre teknologiar som bør undersøkjast. Truleg kan desse komplimentere havvind i eit produksjonssystem på sokkelen. Det er aktørar i fylket som driv med teknologiar som kan vere aktuelle for elektrifiseringa som ikkje må utelukkast her.

CO2 avgiftene må auka kraftig. Dette vil utvilsamt pressa fram nye løysingar som hindre fossile utslepp. Det er litt skummelt å stå her og sei akkurat kva desse løysingane er no. Bølgjekraft, solkraft, brenselceller, turbinar med karbonfangst, mv. er alle ting som kan bidra til elektrifiseringa.

Det er vanskeleg for meg å vere trygg på konsekvensane av eit for konkret pålegg, men å vere tydeleg på kva me vil er på sin plass.

SI 6/21 Spørsmål frå Taylor (MDG) - om eit regionalt jordvernmål for Vestland

Spørsmål om eit regionalt jordvernmål for Vestland

Samarbeidsplattforma til posisjonspartia seier at «Me skal sikre eit sterkt jordvern».

Ein måte å bidra til eit sterkt jordvern vil vere at fylkestinget vedtek eit regionalt jordvernmål på maksimal omdisponering av matjord per år i fylket.

Dette har andre fylkeskommunar gjort. Møre og Romsdal fylkeskommune har vedtatt eit regionalt jordvernmål på maksimal omdisponering av 200 dekar med dyrka mark per år, ut ifrå det nasjonale jordvernmålet på 4000 dekar og tilgjengelig dyrka mark i fylket.

I følgje SSB hadde Møre og Romsdal 418 249 dekar fulldyrka jord i 2020 og Vestland berre litt meir, 425 621 dekar. Utifrå dette bør eit regionalt jordvernsmål for Vestland vere ca. 210 dekar.

SSB opplyser at i 2019 vart 530 dekar dyrka jord omdisponert til andre føremål enn landbruk i Vestland fylke (299 i Hordaland pluss 231 i Sogn og Fjordane). Det er to og eit halv gonger meir enn målet fylket bør ha.

Utviklingsplan for Vestland seier at FN sine berekraftsmål er «overordna og førande for samfunnsutviklinga i Vestland». Dei inkluderer berekraftsmål 2 «å fremje berekraftig landbruk». Eit berekraftig landbruk vil sikre eit berekraftig bruk av og vern om landbruket sitt areal og ressursgrunnlag.

Vestland fylkesting bør difor talfesta og vedta eit regionalt jordvernmål som eit bidrag til å sikre eit sterkt jordvern, i tråd med Utviklingsplanen sitt mål om å «sikre ressursgrunnlaget for framtida».

Og eit mål må følgjast opp med konkrete tiltak. Saman med kommunane, må fylkeskommunen i større grad sikre viktige jordbruksområde, avgrense årleg omdisponering av dyrka jord, vurdere alternative utbyggingsområde, synleggjere viktige jordbruksområde i arealplanar og bidra aktivt til å definere kjerneområde for landbruk med vekstgrenser mellom tettstadar og jordbruksareal.

Spørsmål:

Vil fylkesordføraren bestille ei sak med utgreiing av eit talfesta regionalt jordvernmål for Vestland, samt forslag til tiltak for å oppnå målet snarleg?

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Matjorda er danna gjennom prosessar som har gått føre seg sidan siste istid (10-12 000 år sidan), og matjord og jordbruksareal er i praksis ein ikkje-fornybar ressurs. Vern av matjord og jordbruksareal inngår i FN sine berekraftsmål. Jordvernmål for Vestland bør vere koplta til ein regional plan for å sikre at måla er godt forankra.

Høyringsutkast Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling peiker på at landbruk er ei plasskrevjande næringa er landbruket og at den nasjonale jordvernstrategien set mål for kor mykje landbruksjord som kan omdisponerast per år. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling ser jordvernstrategien som ein sentral indikator for jordvern. Høyringsutkast Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling seier vidare at det regionalt vert kartlagt viktige areal for næring og viktige område som ikkje skal byggast ut, samtidig som at det vert tatt omsyn til jordvern / vern av landbruksareal.

Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar skal sikre langsiktig og målretta arealforvaltning for å bevare mangfaldet i natur, landskap og kulturmiljø i Vestland fylke. Ein regional plan for arealforvaltning vil bidra til å god kunnskap og effektivitet i planlegginga, styrke gjennomføringa og bidra til heilskaplege val i arealpolitikken. Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar skal ikkje startast opp før i neste planperiode, men kunnskapsgrunnlaget skal utarbeidast i denne planperioden.

Arbeidet med utgreiing av eit talfesta regionalt jordvernmål bør ikkje fremmast i eiga sak, men heller bli knytt til utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget for Regional plan for areal-, natur- og kulturminneressursar.

I tillegg vert temaet drøfta i samband med regional plan for Innovasjon og næringsutvikling som no er ute til offentleg høyring, samt gjennom utarbeidinga av handlingsprogram for regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

SI 7/21 Spørsmål frå Andersen (FNB) - om FV609 Heilevang

Spørsmål:

Heilevang på FV609 er ein svært rasutsett stad, der det dei siste vekene har vore registrert mange raseepisodar og vegstengingar.

Kan fylkesordføraren gje ei orientering mht politisk og teknisk framdrift rundt FV609/Heilevang og tunnelprosjektet, ikkje minst i lys av dei mange rasa og stengingane på staden den seinare tid?

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Prosjektet er i planfasen, og denne prosessen er komen langt. Målsetninga er at forslaget til reguleringsplan kjem på høyring seinsommar 2021. Fleire alternative veglinjer er vurderte. Dette gjeld spesielt veglinje inn mot påhogg mot aust. Det er pr i dag ikkje sett av investeringsmidlar for prosjektet i økonomiplanen for perioden 2021-2024.

Det pågår også eit større arbeid med oppdatering av kunnskapsgrunnlag for Regional transportplan for Vestland. Første utgåve av Regional transportplan Vestland 2022-2033, med foreløpig handlingsprogram, er planlagt å sende på høyring i juni 2021 med høyringsfrist i september. Ny Regional transportplan for Vestland skal vedtakast i fylkestinget i desember 2021.

SI 8/21 Spørsmål frå Berthelsen (SV) - om mineralråd og arbeidet med berekraftig mineralutvinning

Spørsmål:

Eg har tidlegare teke opp spørsmål kring mineralråd og arbeidet med mineralutvinning i Vestland fylke i to interpellasjonar, ein i desember 2019 og ein i mars 2020.

I fylkesordføraren sitt svar på interpellasjonen i mars vart det lova ei sak i løpet av 2020 « som mellom anna vil vurdere rådet sin funksjon og organisering» I svaret vart det vidare slege fast at mineralrådet ikkje hadde status som eit folkevald organ i Vestland fylkeskommune sjølv om det i vedtektene for rådet heiter at det er oppretta som «fast utval oppretta i medhald av kommunelova». Eg peika i ein av interpellasjonane på at eg meinte at rådet var oppretta i strid med kommunelova.

Planen var at ei sak om deltaking i mineralråd skulle opp på dette fylkestinget. Saka sto på saklista til Hovudutval for næring 17.2. i år, men vart trekt for å få ei juridisk vurdering.

Eg vil gjerne vite kvifor det ikkje var gjort ei juridisk vurdering før saka vart lagt fram for hovudutvalet? Og kva meiner fylkesordføraren om at det ikkje er lagt fram saker som lova, og at det har teke lang tid å få svar på spørsmålet om mineralrådet er lovleg valt og organisert?

Fylkeskommunen har gjennom Utviklingsplanen for Vestland store ambisjonar på miljø. Og i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 heiter det: «Med si deltaking i mineralrådet vil Fylkeskommunen jobbe for at mineralnæringa ikkje fører til forverring av miljøtilstanden i vassførekomstar eller fører til ei negativ utvikling for andre næringar som fiskeri, akvakultur og reiseliv.»

Eg vil gjerne vite kva mineralrådet og Fylkeskommunen har gjort for å følgje opp dette og påverke sentrale styresmakter for å hindre forureinande sjødeponi og utslepp av giftige kjemikalier i Førdefjorden?

Og kva meiner fylkesordføraren om at Norge no snart er det einaste landet i verda som tilet å dumpe gruveslam i sjøen?

Fylkesordføraren gir slikt svar:

Spørsmål 1:

Det vart gjort ei lettare vurdering kring formelle tilhøve i samband med utforming av fylkesordføraren sitt svar på interpellasjonen frå Berthelsen i mars 2020. Det er vist til svaret der i saka til hovudutvalet 17.02.21, og gjort vurderingar ut frå det.

Saka om mineralråd vart trekt frå saklista i møtet i hovudutvalet 17.02.21 (PS 19/21). I saksprotokollen frå møtet står det: «Det vart samrøystes vedteke at saka vert utsett». Grunnen til

at saka vart trekt var at det dagen før møtet kom innspel til fylkesrådmannen frå utvalsmedlem Sæhle (SV). I innspelet står det blant anna: «Som det går fram av saksutredningen ble det i fylkestinget stilt spørsmål om opprettelsen av mineralrådet var i samsvar med reglene i kommuneloven. I saksutredningen er ikke dette svart ut. Derfor vil jeg be om at fylkesrådmannen legger fram en juridisk vurdering før behandlingen av PS 19/21 i hovudutvalget for næring 17.2.2021».

I og med at spørsmålet frå SV kom så seint var det ikkje tid til noko ny juridisk vurdering. Hovudutvalet for næring valde som nemnt å utsette saka. Saka må då leggjast fram for hovudutvalet på nytt, med ei ny vurdering av dei juridiske tilhøva. Endeleg behandling av saka vert då på fylkestinget i juni.

Spørsmål 2:

I svaret på interpellasjonen i mars 2020 står det: «Det er til utarbeiding ei sak i løpet av 2020, ...». Det vart dessverre ikkje lagt fram noko sak i løpet av 2020, men det vart lagt fram ei omfemnande sak til hovudutval for næring sitt møte 17.februar 2021, med tanke på behandling i fylkestinget i mars. Denne saka vart som kjent sendt attende til administrasjonen, jf spørsmål frå SV.

Spørsmål 3:

Fylkeskommunen og fylkesordføraren må som alle andre prøve å bidra til gode miljøløysingar, og minst mogeleg gruveslam i sjøen/fjorden. Fylkeskommunen er i ferd med å forme sin innsats også på mineralområdet, og tankar om framtidig innsats vert også delt i den saka som kjem opp i fylkestinget i juni.

SI 9/21 Spørsmål frå Golis (MDG) - Gjenbruk/ redesign i våre bygg

Gjenbruk/ redesign i våre bygg:

Forbruket vårt må ned om vi skal greie å redusere klimagassutslippene. Det gjelder både privat og offentlig forbruk. Kommuner og fylkeskommuner har et stort potensiale i ombruk og redesign av møbler i forbindelse med nybygg og rehabilitering av offentlige bygg.

Ombruk og redesign er et viktig verktøy for å greie å redusere klimagassutslipp og unødvendig avfall og sikre en best mulig ressursutnyttelse. Vestland fylkeskommune har mange nybygg og rehabiliteringer, og her ligger et stort potensiale for å tenke nytt og grønt når bygningene skal innredes.

Ved større satsing på gjenbruk og redesign, vil vi kutte utslipp, minske avfallsmengde og spare penger.

Spørsmål til fylkesordfører:

1. Har det blitt kartlagt hvor stor andel av inventar og utstyr som (skal) gjenbrukes ved våre nybygg og rehabiliteringsprosjekter?
2. Er det mulig å utrede potensialet for gjenbruk av materialer generelt og særlig i forbindelse med rehabiliteringsprosjekter, slik at gjenbruk blir hovedregel i alle prosjekter, og stille krav om at en viss minimumsandel av møbler og interiør skal være gjenbruk og redesign?

Fylkesordføreren gir slikt svar:

Spørsmål 1:

I nybyggprosjekt der ei einig flyttar frå eit bygg til eit anna, så blir det alltid gjennomført ei grundig vurdering av kva møblar og utstyr som kan brukast opp att i nybygget eller i eit anna fylkeskommunalt bygg. Omfanget av gjenbruk er sjølvstøtt ulikt avhengig av kvalitet på eksisterande møblar og utstyr. Det er ikkje kartlagt kor stor del dette utgjer i prosent, men det blir laga oversikter over kva som skal gjenbrukas og kvar det skal gjenbrukas. For rehabiliteringsprosjekt er det normalt størst gjenbruk.

Spørsmål 2:

Gjenbruk av bygningsmaterialar generelt har vist seg å vera krevjande mellom anna fordi myndigheitskrav set avgrensingar. Dette kan vere knytt til tekniske krav som brann, lyd og

inneklima, men også til materialar som ikkje har nødvendig dokumentert kvalitet eller inneheld ulovlege partiklar/komponentar.

Gjenbruk av møblar som har nødvendig kvalitet blir det alt arbeidd systematisk med. Å setje ein minimumsprosent kan også gje mindre gjenbruk der einingane har gjennomgåande god kvalitet på eksisterande møblar og utstyr. Det kan derfor vere meir nyttig å fokusere på ein god prosess som sikrar mest mogleg gjenbruk i alle prosjekt.

Redesign av møblar og kjøp av nye møblar med gjenbrukskomponentar er relativt nytt i marknaden og desse moglegheitene blir følgt opp. I 2020 vart det gjennomført eit pilotprosjekt knytt til sirkulær anskaffing av møblar saman med Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Det er søkt Miljødirektoratet om klimasatsmidlar til eit forprosjekt som undersøker klimaeffekten av deling og gjenbruk av møblar mellom dei tre organisasjonane i eit sirkulær økonomi-perspektiv. Svar på søknaden er venta i juni 2021.

Politiske saker

PS 1/21 Finansforvaltninga i 2020

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Vestland fylkeskommune i 2020 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Vestland fylkeskommune i 2020 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Vestland fylkeskommune i 2020 til orientering.

PS 2/21 Årsmelding 2020 for Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.02.2021

Handsaming i møte

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

PS 3/21 Strakstiltak innan opplæringssektoren

Forslag til innstilling

Fylkestinget viser til rekneskapan for 2020 med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr.

Fylkestinget godkjenner at følgjande strakstiltak innanfor opplæringssektoren vert sette i verk:

Tiltak for inntil 12,9 mill. kr for å redusere talet på elever med «Ikke vurdert» eller stryk. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Andre strakstiltak for inntil 20 mill. kr for å motverke effektar av koronapandemien for elevane og lærlingar i vidaregåande opplæring knytt opp mot psykososiale tilhøve.

I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapan for 2020 på fylkestingssamlinga i juni og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Det var 16 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget viser til rekneskapan for 2020 med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr.

Fylkestinget godkjenner at følgjande strakstiltak innanfor opplæringssektoren vert sette i verk:

Tiltak for inntil 12,9 mill. kr for å redusere talet på elever med «Ikke vurdert» eller stryk. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Andre strakstiltak for inntil 20 mill. kr for å motverke effektar av koronapandemien for elevane og lærlingar i vidaregåande opplæring knytt opp mot psykososiale tilhøve.

I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapan for 2020 på fylkestingssamlinga i juni og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Jana Midelfart Hoff (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Vurdere ordninger med subsidiert smittevernsutstyr, som for eksempel munnbind, for lærere og elever.»

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slikt forslag:

«(a) Tillegg

Gi tilbud til enkelte elever etter behov på Dale Oen senteret.
Gi ekstra undervisning
Ekstra forberedelse til Eksamen Øke tilbudet i sommerskolen for 2021.»

(b) Tillegg punkt 2

Dialog med Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval. Samt elev og studentorganisasjonene i Vestland.»

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«(a) Tillegg

Tett oppfølging av elevar og lærlingar frå rettleiingstenestene og skulane, skal skje i samråd med elevorganisasjonen på kvar enkelt skule. Eit nær samarbeid med elevane sine representantar kan bidra til å gjere gode tiltak meir treffsikre.»

«(b) Tillegg

Det skal bli lagt opp til tilnærma lik digital undervisning i skule og heim, for enkelt elever som pga av karantene blir fraværande frå fysisk undervisning uavhengig av utdanningsprogram.»

«(c) Tillegg

Eit styrka fagmiljø og kontinuitet i det psykososiale arbeidet rundt elevar og lærlingar er ein prioritet for Vestland fylkesting. Som eit bidrag til dette skal det settast i gong utlysing av miljøkoordinator stillingar også ved skular i sør-delen av fylket, som har hatt undervisning på raudt nivå over lang tid. Minst 5 millionar skal settast av til dette i 2021.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag (C) fekk 16 røyster (R, 1U (Trym Aafløy), 1FNB (Knut Inge Andersen), H) og fall.

Syversen sitt forslag (b) fekk 25 røyster (R, U, 1FNB (Knut Inge Andersen), Frp, H, Pp) og fall.

Syversen sitt forslag (a) fekk 5 røyster (R, 1U (Morten Klementsén), 2FNB (Odd Erik Lind, Knut Inge Andersen) og fall.

Fosse sitt forslag (a) fekk 25 røyster (Frp, U, 1FNB (Knut Inge Andersen), H, Pp, R) og fall.

Fosse sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke.

Midelfart Hoff sitt forslag fekk 31 røyster (H, MDG, 2U (Trym Aafløy, Hege N. Dale), FNB, Frp, Pp, R) og fall.

Vedtak

Fylkestinget viser til rekneskapen for 2020 med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr.

Fylkestinget godkjenner at følgjande strakstiltak innanfor opplæringssektoren vert sette i verk:

Tiltak for inntil 12,9 mill. kr for å redusere talet på elevar med «Ikkje vurdert» eller stryk. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Andre strakstiltak for inntil 20 mill. kr for å motverke effektar av koronapandemien for elevane og lærlingar i vidaregåande opplæring knytt opp mot psykososiale tilhøve.

I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Dialog med Fylkesting for ungdom og Vestland ungdomsutval. Samt elev og studentorganisasjonene i Vestland.

Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.

PS 4/21 Arbeidsutval - utvida mandat til å vurdere regulering av partistøtte

Forslag til innstilling

1. Arbeidsutvalet sitt mandat vert utvida til å vurdere endringar kring regulering av partistøtte.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Fordelinga ligg fast i inneværande periode»

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Arbeidsutvalet sitt mandat vert utvida til å vurdere endringar kring regulering av partistøtte.

Fordelinga ligg fast i inneværande periode.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidsutvalet sitt mandat vert utvida til å vurdere endringar kring regulering av partistøtte.

Fordelinga ligg fast i inneværande periode.

PS 5/21 Reisetidsgaranti for elevar i vgo - oppfølging av lokal forskrift om inntak og formidling

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at det ikkje blir innført ein reisetidsgaranti i Vestland fylkeskommune
2. Fylkesrådmannen vil hente erfaringar frå inntaket til skuleåret 2021/22 for å vurdere kva effektar ny lokal forskrift om inntak og formidling har på tal vidaresøkte

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegner av A, SP, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Reisetidsgaranti

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saksutgreiinga til vitande.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid, ikkje inntaksområde.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at ny sak om reisetidsgaranti skal handsamast av y-nemda før den handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ei røyst (FNB) og fall.
Rasmussen sitt forslag fekk 14 røyster og vart vedteke mot ei røyst (FNB) som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saksutgreiinga til vitande.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid, ikkje inntaksområde.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at ny sak om reisetidsgaranti skal handsamast av y-nemda før den handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 02.03.2021

Emil Gadolin (A) sette på vegner av A, SV, MDG, SP, V og KRF fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3

Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt mål er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1,2 og 4 vart samrøystes vedteke.
Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Det vart ikkje røysta over innstillinga punkt 3.

Innstilling til fylkestinget

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saksutgreiinga til vitande.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid, ikkje inntaksområde.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse sitt mål er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.»
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at ny sak om reisetidsgaranti skal handsamast av y-nemda før den handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke,

Vedtak

Det vert ved protokolleringa av vedtaket retta følgjande: «Hovudutval for opplæring og kompetanse» vert bytta ut med «Fylkestinget».

1. Fylkestinget tek saksutgreiinga til vitande.
2. Fylkestinget vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiten for å innføre ei reisetidsgaranti basert på faktisk reisetid, ikkje inntaksområde.
3. Fylkestinget sitt mål er at ingen elevar skal ha lengre reiseveg enn 1,5 time med kollektivtrafikk, med mindre dei ønskjer det.
4. Fylkestinget legg til grunn at ny sak om reisetidsgaranti skal handsamast av y-nemda før den handsamast i hovudutval for opplæring og kompetanse.

PS 6/21 Oppfølgingstenesta - tiltak inkludert evaluering av produksjonsskulen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø vert avvikla frå skuleåret 2021/2022 om det ikkje vert tilført statlege løyvingar.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 14.01.2021

Alexsander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt alternativt forslag til punkt 3:

«Nytt pkt 3

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.»

Alexander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt tilleggsforslag til punkt 4:

«Nytt punkt 4

Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:

- Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
- Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
- Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.»

Alexander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt tilleggsforslag til punkt 5:

«Nytt punkt 5

Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfølging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 1 og punkt 2, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 3, fekk inga røyster og fall.

Andersen sitt alternative forslag til punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Andersen sitt tilleggsforslag til nytt punkt 4 vart vedteke mot 2 røyster (H).

Andersen sitt tilleggsforslag til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
 - Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.
5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfølging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.»

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Avrøysting

Innstillinga pkt.:1,2,3, og 5 vart samrøystes vedteke.
Innstillinga pkt 4 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp, FNB).

Innstilling

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen

- Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.
5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfylging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

6. Om staten ikkje går inn med medfinansiering, skal fylkeskommunen nytte reknskapsmessig overskot 2020 til drift i skuleåret 2021/2022.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1, 2, 3, 4 med kulepunkt 2 og punkt 5 vart samrøystes vedteke. Innstillinga punkt 4 utan kulepunkt 2 fekk 41 røyster (Sp, MDG, 1U (Trym Aafløy), A, KRF, R, SV, V) og vart vedteke mot 24 røyster (2U (Hege N. Dale, Morten Klemetsen), FNB, Frp, H, Pp). Syversen sitt forslag fekk 3 røyster (R, Pp) og fall.

Vedtak

Det vert ved protokolleringa av vedtaket retta følgjande: «Hovudutval for opplæring og kompetanse» vert bytta ut med «Fylkestinget».

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Fylkestinget viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.

4. Fylkestinget syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Fylkestinget vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
 - Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.
5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfylging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Fylkestinget ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.

PS 7/21 Fráværsglement for dei vidaregåande skulane i Vestland - vurdering av politisk arbeid

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek fráværsglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med tilleggspunktet om definisjon av politisk arbeid i punkt 6 (4).

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 15.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

Fylkestinget vedtek fráværsglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med tilleggspunktet om definisjon av politisk arbeid i punkt 6 (4).

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegner av A, SP, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Fráværsglement

Fylkestinget vedtek fráværsglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med Følgjande definisjon av politisk arbeid:

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør. Eleven må leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 2 røyster (FrP og FNB) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 13 røyster og vart vedteke mot 2 røyster (FrP og FNB) som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vedtek fráværsglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med Følgjande definisjon av politisk arbeid:

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør. Eleven må leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Sigbjørn Framnes (FrP) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget vedtek fráværsglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med tilleggspunktet om definisjon av politisk arbeid i punkt 6 (4).»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 4 røyster (FrP, U, FNB) og fall.

Innstillinga fekk 13 røyster (SP, A, SV, MDG, H, KRF, V) og vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, FrP).

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek fráværereglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med Følgjande definisjon av politisk arbeid:

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør. Eleven må leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Rosalind Fosse (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget vedtek fráværereglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med tilleggs punktet om definisjon av politisk arbeid i punkt 6 (4).»

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av Sp, A, MDG, SV, V, KRF fram slikt forslag:

«Tillegg

Eleven må ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å få karakter jfr. forskrift til opplæringslova §3-3, fjerde ledd.»

Avrøysting

Innstillinga fekk 52 røyster (Sp, MDG, A, H, KRF, R, SV, V) og vart vedteke mot Fosse sitt forslag som fekk 12 røyster (Frp, 2U (Trym Aafløy, Hege N. Dale), FNB, Pp). Morten Klementsén (U) røysta ikkje.

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget vedtek fráværereglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med Følgjande definisjon av politisk arbeid:

Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør. Eleven må leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen.

Eleven må ha tilstrekkeleg vurderingsgrunnlag for å få karakter jfr. forskrift til opplæringslova §3-3, fjerde ledd.

PS 8/21 Byggestart ny vidaregåande skule i Førde

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggestart for eit nytt og samla opplærings- og kompetansesenter i Førde med ei samla kostnadsramme på 816,3 mill. kroner inkl. mva. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre administrativ samanslåing av Mo og Øyrane vgs. og Hafstad vgs. før skulane er samlokaliserte

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Svein Halleraker, H, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er ansatt i LINK arkitektur, som er arkitekt for prosjektet. Han er leder for disiplin skolebygg og har hatt befatning med prosjektet. Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Halleraker var inhabil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Halleraker gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggjestart for eit nytt og samla opplærings- og kompetansesenter i Førde med ei samla kostnadsramme på 816,3 mill. kroner inkl. mva. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre administrativ samanslåing av Mo og Øyrane vgs. og Hafstad vgs. før skulane er samlokaliserte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Svein Halleraker (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er ansatt i LINK arkitektur. LINK arkitektur er arkitekt for prosjektet. Han er leder for disiplin skolebygg og har hatt befating med prosjektet. Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Halleraker var inhabil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Halleraker gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 16 representantar tilstades.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggjestart for eit nytt og samla opplærings- og kompetansesenter i Førde med ei samla kostnadsramme på 816,3 mill. kroner inkl. mva. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre administrativ samanslåing av Mo og Øyrane vgs. og Hafstad vgs. før skulane er samlokaliserte.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Svein Halleraker (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er ansatt i LINK arkitektur. LINK arkitektur er arkitekt for prosjektet. Han er leder for disiplin skolebygg og har hatt befating med prosjektet. Halleraker gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Halleraker var inhabil etter forvaltningslova § 6 2. ledd.

Halleraker gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 64 representantar tilstades.

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

2. Vestland fylkeskommune godkjenner forprosjekt og byggjestart for eit nytt og samla opplærings- og kompetansesenter i Førde med ei samla kostnadsramme på 816,3 mill. kroner inkl. mva. 43 mill. kr var innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2020 og er påløpt, medan restkostnaden på 773,3 mill. kr. er lagt inn i vedteke investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2021-2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre administrativ samanslåing av Mo og Øyrane vgs. og Hafstad vgs. før skulane er samlokaliserte.

PS 9/21 Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune

Forslag til innstilling

1. Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune vert teken i bruk frå hausten 2021. Det vert rekna halv effekt av ny modell for skuleåret 2021-2022 og full effekt frå skuleåret 2022-2023. Ytterlegare overgangsordning for skular med særskilt store utslag må vurderast særskilt og ivaretakast utanfor budsjettfordelingsmodellen.
2. Fylkesrådmannen skal leggje fram evaluering av budsjettfordelingsmodellen for hovudutval for opplæring og kompetanse seinast våren 2023.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Sigurd Reksnes, SP, sette på vegner av SP, A, SV og KrF fram slikt tilleggsforslag:

«nytt punkt 3

Fylkestinget ber om at den tekniske berekningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse til orientering før sommarferien.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Reksnes sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune vert teken i bruk frå hausten 2021. Det vert rekna halv effekt av ny modell for skuleåret 2021-2022 og full effekt frå skuleåret 2022-2023. Ytterlegare overgangsordning for skular med særskilt store utslag må vurderast særskilt og ivaretakast utanfor budsjettfordelingsmodellen.
2. Fylkesrådmannen skal leggje fram evaluering av budsjettfordelingsmodellen for hovudutval for opplæring og kompetanse seinast våren 2023.
3. Fylkestinget ber om at den tekniske berekningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse til orientering før sommarferien.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3

3. Fylkestinget ber om at den tekniske berekningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse og fylkesutvalet til orientering før sommarferien.»

Avrøysting

Innstillinga punk 1-2 vart samrøystes vedteke. Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke. Det vart ikkje røysta over innstillinga punkt 3.

Innstilling til fylkestinget

1. Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune vert teken i bruk frå hausten 2021. Det vert rekna halv effekt av ny modell for skuleåret 2021-2022 og full effekt frå skuleåret 2022-2023. Ytterlegare overgangsordning for skular med særskilt store utslag må vurderast særskilt og ivaretakast utanfor

budsjettfordelingsmodellen.

2. Fylkesrådmannen skal leggje fram evaluering av budsjettfordelingsmodellen for hovudutval for opplæring og kompetanse seinast våren 2023.
3. Fylkestinget ber om at den tekniske berekningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse og fylkesutvalet til orientering før sommarferien.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune vert teken i bruk frå hausten 2021. Det vert rekna halv effekt av ny modell for skuleåret 2021-2022 og full effekt frå skuleåret 2022-2023. Ytterlegare overgangsordning for skular med særskilt store utslag må vurderast særskilt og ivaretakast utanfor budsjettfordelingsmodellen.
2. Fylkesrådmannen skal leggje fram evaluering av budsjettfordelingsmodellen for hovudutval for opplæring og kompetanse seinast våren 2023.
3. Fylkestinget ber om at den tekniske berekningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse og fylkesutvalet til orientering før sommarferien.

PS 10/21 Handlingsprogram for kollektiv - tiltak 2021

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek gjennomføring av tiltak for kollektiv 2021 slik det kjem fram i saka. Tiltaka følgjer opp dei to gjeldande styringsdokumenta Regional transportplan for Sogn og Fjordane og Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023, samt nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek gjennomføring av tiltak for kollektiv 2021 slik det kjem fram i saka. Tiltaka følgjer opp dei to gjeldande styringsdokumenta Regional transportplan for Sogn og Fjordane og Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023, samt nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek gjennomføring av tiltak for kollektiv 2021 slik det kjem fram i saka. Tiltaka følgjer opp dei to gjeldande styringsdokumenta Regional transportplan for Sogn og Fjordane og Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023, samt nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Nils Haugland (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget tek til vitande handlingsprogram for kollektivtiltak 2021 slik det kjem fram i saka.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Vestland fylkesting vil arbeide for

1. at prising av kollektivreiser som gjer det billegare å reise kollektivt framfor bruk av privatbil.
2. at det skal bli gratis å ta ferje for alle som reiser kollektivt.
3. styrking av kollektivbodet, bestillingsruter og drosjetilbodet utanfor tettbygde strok.
4. å avvikle anbodssystemet innan kollektivtrafikken etter kvart som noverande kontraktar går ut, og vidareutvikle kollektivtrafikken i offentleg regi.»

Avrøysting

Innstillinga fekk 63 røyster (Sp, MDG, U, A, Frp, H, KRF, Pp, R, SV, V) og vart vedteke mot 2 røyster (FNB) for Haugland sitt forslag.

Kollbotn sitt punkt 1 fekk 4 røyster (R, 1FNB (Nils Haugland), 1U (Morten Klementsens)) og fall. Leif Fjellro (U) røysta ikkje.

Kollbotn sitt forslag punkt 2 fekk 3 røyster (R, 1U (Morten Klementsens)) og fall.

Kollbotn sitt forslag punkt 3 fekk 4 røyster (R, 1FNB (Nils Haugland), 1U (Morten Klementsens)) og fall.

Kollbotn sitt forslag punkt 4 fekk 3 røyster (R, 1U (Morten Klementsens)) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtek gjennomføring av tiltak for kollektiv 2021 slik det kjem fram i saka. Tiltaka følgjer opp dei to gjeldande styringsdokumenta Regional transportplan for Sogn og Fjordane og Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023, samt nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.

PS 11/21 Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Endring av garantivedtak

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Bømlopakke, vedtaks punkt 11 siste setning vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

2. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Kvinnheradpakke,, vedtaks punkt 10 siste setning, vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og FNB).

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Bømlopakke, vedtakspunkt 11 siste setning vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

2. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Kvinnheradpakke,, vedtakspunkt 10 siste setning, vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga fekk 52 røyster (Sp, MDG, 1U (Trym Aafløy), A, H, KRF, Pp, SV, V) og vart vedteke mot 13 røyster (3U (Hege N. Dale, Leif Fjellro, Morten Klementsén), FNB, Frp, R).

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Bømlopakke, vedtakspunkt 11 siste setning vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

2. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Kvinnheradpakke,, vedtakspunkt 10 siste setning, vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

PS 12/21 Fv. 5156 Åsen - Helleskaret, endringar i investeringsprosjektet

Forslag til innstilling/vedtak

1. Løyving til investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr. Auken vert lagt inn i med 12,6 mill. kr i 2023 og med 5 mill. kr i 2024.
2. Fylkestinget aksepterer at nytt kostnadsoverslag vert lagt til grunn for kostnadsdelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på Bjørnafjorden kommune. Fylkestinget aksepterer også deling av risiko i prosjektet på følgjande vilkår:
 - Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridingar må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.
 - Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.
3. Auken i prosjektkostnad vert finansiert slik:
 - Auka tilskot frå Bjørnafjorden kommune med 8,1 mill. kr, frå 66,8 mill. kr til 74,9 mill. kr
 - Auka låneopptak med 6,9 mill. kr, frå 30,6 mill. kr til 37,5 mill. kr
 - Auka meirverdiavgiftskompensasjon med 2,6 mill. kr, frå 23,8 mill. kr til 26,4 mill. kr.

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

4. Løyving til investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr. Auken vert lagt inn i med 12,6 mill. kr i 2023 og med 5 mill. kr i 2024.
5. Fylkestinget aksepterer at nytt kostnadsoverslag vert lagt til grunn for kostnadsdelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på Bjørnafjorden kommune. Fylkestinget aksepterer også deling av risiko i prosjektet på følgjande vilkår:
 - Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridingar må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.
 - Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.
6. Auken i prosjektkostnad vert finansiert slik:
 - Auka tilskot frå Bjørnafjorden kommune med 8,1 mill. kr, frå 66,8 mill. kr til 74,9 mill. kr
 - Auka låneopptak med 6,9 mill. kr, frå 30,6 mill. kr til 37,5 mill. kr
 - Auka meirverdiavgiftskompensasjon med 2,6 mill. kr, frå 23,8 mill. kr til 26,4 mill. kr.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Løyving til investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr. Auken vert lagt inn i med 12,6 mill. kr i 2023 og med 5 mill. kr i 2024.
2. Fylkestinget aksepterer at nytt kostnadsoverslag vert lagt til grunn for kostnadsdelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på Bjørnafjorden kommune. Fylkestinget aksepterer også deling av risiko i prosjektet på følgjande vilkår:
 - Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridingar må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.
 - Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.
3. Auken i prosjektkostnad vert finansiert slik:
 - Auka tilskot frå Bjørnafjorden kommune med 8,1 mill. kr, frå 66,8 mill. kr til 74,9 mill. kr
 - Auka låneopptak med 6,9 mill. kr, frå 30,6 mill. kr til 37,5 mill. kr
 - Auka meirverdiavgiftskompensasjon med 2,6 mill. kr, frå 23,8 mill. kr til 26,4 mill. kr.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Løyving til investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr. Auken vert lagt inn i med 12,6 mill. kr i 2023 og med 5 mill. kr i 2024.

2. Fylkestinget aksepterer at nytt kostnadsoverslag vert lagt til grunn for kostnadsdelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på Bjørnafjorden kommune. Fylkestinget aksepterer også deling av risiko i prosjektet på følgjande vilkår:
 - Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss projektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridingar må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.
 - Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.
3. Auken i projektkostnad vert finansiert slik:
 - Auka tilskot frå Bjørnafjorden kommune med 8,1 mill. kr, frå 66,8 mill. kr til 74,9 mill. kr
 - Auka låneopptak med 6,9 mill. kr, frå 30,6 mill. kr til 37,5 mill. kr
 - Auka meirverdiavgiftskompensasjon med 2,6 mill. kr, frå 23,8 mill. kr til 26,4 mill. kr.

PS 13/21 Vidare deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjetttramma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvingnivå kulturformidling.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjetttramma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvingnivå kulturformidling.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjetttramma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvningsnivå kulturformidling.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjetttramma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvningsnivå kulturformidling.

PS 14/21 Museumspolitikk i Vestland

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea, og samtidig legg tydeleg vekt på politiske prioriteringar i fylkeskommunar og kommunar.
2. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.
3. Fylkestinget vil harmonisere si regionale rolle slik at dei konsoliderte musea i Vestland vert handsama likt. Dette inneber å ha ein tenleg museumsstruktur i heile fylket, og at skilnadane i prosentvis finansiering mellom stat og fylkeskommune/kommune for dei ulike musea vert jamna ut. Større endringar vert å kome attende til etter at ny stortingsmelding om museum ligg føre og i samband med vidare planarbeid.
4. Fylkestinget vil arbeide for å utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.
5. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin, men meiner at musea sjølv må finne gode løysingar. Fylkestinget vil ikkje ta eigar- eller utbyggjaransvar for prosjektet, og oppmodar musea i Hordaland om å samarbeide om etableringa og søkje stat, fylkeskommune og kommunar om økonomisk støtte til realisering av tiltaket.

6. I samsvar med vedtekne regionale planar vil fylkestinget saman med stat og kommunar bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og musea si samlingsforvaltning. Av omsyn til den samla ressursbruken vil fylkestinget rå til at ein samordnar alle slike initiativ i musea med Bevaringstenestene.
7. Fylkestinget tek arbeidet med utviding av bygningsvernkonsulentordninga til vitande og legg til grunn at dette gjerast i samsvar med vedtekne regionale planar.
8. Fylkestinget ber administrasjonen om å vidareutvikle ein heilskapleg regional museumspolitik i samband med den regionale planlegginga.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 15.10.2020

June Indrevik (H) sette på vegne av H, A, MDG, Sp, SV, V fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei utgreiing av to alternativ til organisering av etablering av framtidig museumsmagasin, som skal følgje saka til fylkestinget:

1. Musea og eventuelt andre aktørar som byggherre og eigar av magasinet.
2. Vestland fylkeskommune som byggherre og eigar av magasinet.

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i kva konsekvensar alternativa har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane.»

Avrøysting til utsetjing

Indrevik sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

Saka vert utsett. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei utgreiing av to alternativ til organisering av etablering av framtidig museumsmagasin, som skal følgje saka til fylkestinget:

1. Musea og eventuelt andre aktørar som byggherre og eigar av magasinet.
2. Vestland fylkeskommune som byggherre og eigar av magasinet.

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i kva konsekvensar alternativa har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2020

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett med same grunngjeving som utsetjingsvedtaket i hovudutval for kultur, idrett og integrering.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett med same grunngjeving som utsetjingsvedtaket i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag til utsetjing:

«Utsetjingsforslag:

Saka utsetjast til utvalsmøtet i januar eller februar 2021. Utvalsleiar og administrasjon tek initiativ til eit høyringsmøte med utvalets medlemmer og musea som er omfatta av saken for å få innspel frå aktørane før vedtak fattast».

June Vibecke Knudtsen Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Nytt punkt i og 2 i innstillinga slik at innstillinga sitt punkt 2 blir punkt 3

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar.
2. I tett samarbeid med staten og kommunane vil fylkeskommunen arbeide for en berekraftig museum sektor i Vestland. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, og investeringar
3. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

Punkt 3 og 4 i innstillinga blir punkt 4 og 5

Forslag til nytt punkt 6:

6.Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin, og ber administrasjonen om å fasilitere saman med musea prosessen for å finne gode løysingar. Fylkestinget oppmodar musea i Hordaland om å samarbeide om etableringa av fellesmagasin, og søkje stat, fylkeskommune og kommunar om økonomisk støtte til realisering av tiltaket når ein prosjektskisse føreligg.

Punkt 6, 7 og 8 i innstillingen bli då punkt 7,8 og 9»

Avrøysting

Andersland sitt forslag til utsetjing vart samrøystes vedteke.

Indrevik sitt forslag vart ikkje røysta over.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

Saka utsetjast til utvalsmøtet i januar eller februar 2021. Utvalsleiar og administrasjon tek initiativ til eit høyringsmøte med utvalets medlemmer og musea som er omfatta av saken for å få innspel frå aktørane før vedtak fattast

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 3:

Fylkestinget ber administrasjonen om å vidareutvikle ein heilskapeleg regional museumspolitik. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan."

Geir Kjell Andersland trakk sitt forslag.

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

Alternativt punkt 5:

"Fylkestinget ser at museene i Hordaland har et prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede alternativer for organisering av bygging og eierskap av et framtidig museumsmagasin. Det bes om utredning av følgende:

- Vestland fylkeskommune som eier og byggherre av magasinet.
- Museene og eventuelt andre aktører som eier og byggherre av magasinet.
- Eventuell annen eierform og/eller byggherremodell.

I utredningen må det gjøres rede for økonomiske konsekvenser av de forskjellige eierformene (herunder også eventuelle muligheter for momskompensasjon o.l), konsekvenser for prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet."

June Vibecke Knudtsen Indrevik (H) sette på vegner av H og U fram slike forslag:

«Alternativt punkt 3:

Fylkestinget ber administrasjonen om å komme tilbake med framlegg til ein ny heilskapeleg regional museumspolitik. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan.»

«Tillegg punkt 9:

I lys av koronapandemien og usikkerheita det har medført og vil medføre framover for sektoren, vil fylkestinget oppmode om at musea framover fokuserer på å styrke den digitale formidlinga, styrking av fagkunnskap og korleis ein kan halde fram med å nå breiare ut til publikummet i heile Vestland.»

«Alternative punkt 1,2 og 3:

Følgande forslag til nytt punkt 1 og 2 i innstillingen, slik at innstillinga sitt punkt 2 blir punkt 3 - og dermed at det foreslåtte punkt 3 frå posisjonen dermed blir punkt 4

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar.
 2. I tett samarbeid med staten og kommunane vil fylkeskommunen arbeide for en berekraftig museumssektor i Vestland. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift og investeringar.
 3. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.
- Punkt 4,5,6 og 7 i innstillinga blir da punkt 5,6,7 og 8.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette på vegner av FNB og U fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 5:

Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber musea innan utgangen av 2021 samarbeide om å leggje fram ulike alternativ for organisering av bygging og eigarskap av eit framtidig museumsmagasin. Dette kan til dømes vere: • Vestland fylkeskommune som hovudeigar og byggherre av magasinet. • Musea og eventuelt andre aktørar som hovudeigar og byggherre av magasinet. • Eventuell anna eigarform og/eller byggherremodell. Det må gjerast greie for økonomisk modell for dei ulike løysingane, inkludert prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet."

Terje Kolbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 5:

Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget vil ta eigar- og utbyggingsansvar for prosjektet i samarbeid med musea. Dette gjeld og arbeid med søknader til stat, kommunar og andre om økonomisk støtte til realisering av tiltaket.»

Avrøysting

Indrevik sitt forslag pkt. 1,2 og 3 fekk 5 røyster (U, FNB, H, PP) mot 10 røyster og fall.

Innstillinga pkt.1,2 vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (U, H - Sæle).

Indrevik sitt forslag pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt. 3 fall mot 15 røyster .

Innstillinga pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Kollbotn sitt forslag pkt. 5 fekk 2 røyster (R, PP) og fall.

Andersen sitt forslag pkt. 5 fekk 3 røyster (U, FNB, PP) og fall.

Davies sitt forslag pkt. 5 vart vedteke mot 2 røyster (U, FNB)

Innstillinga pkt. 5 fall mot 15 røyster.

Innstillinga pkt. 6, 7 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt. 8 fall mot 15 røyster.

Indrevik sitt forslag pkt. 9 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea, og samtidig legg tydeleg vekt på politiske prioriteringar i fylkeskommunar og kommunar.

2. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

3. Fylkestinget ber administrasjonen om å komme tilbake med framlegg til ein ny heilskapleg regional museumspolitikk. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan.

4. Fylkestinget vil arbeide for å utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.

5. Fylkestinget ser at museene i Hordaland har et prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede alternativer for organisering av bygging og eierskap av et framtidig museumsmagasin. Det bes om utredning av følgende:

- Vestland fylkeskommune som eier og byggherre av magasinet.
- Museene og eventuelt andre aktører som eier og byggherre av magasinet.
- Eventuell annen eierform og/eller byggherremodell.

I utredningen må det gjøres rede for økonomiske konsekvenser av de forskjellige eierformene (herunder også eventuelle muligheter for momskompensasjon o.l), konsekvenser for

prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet.

6. I samsvar med vedtekne regionale planar vil fylkestinget saman med stat og kommunar bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og musea si samlingsforvaltning. Av omsyn til den samla ressursbruken vil fylkestinget rå til at ein samordnar alle slike initiativ i musea med Bevaringstenestene.

7. Fylkestinget tek arbeidet med utviding av bygningsvernkonsulentordninga til vitande og legg til grunn at dette gjerast i samsvar med vedtekne regionale planar.

8. I lys av koronapandemien og usikkerheita det har medført og vil medføre framover for sektoren, vil fylkestinget oppmode om at musea framover fokuserer på å styrke den digitale formidlinga, styrking av fagkunnskap og korleis ein kan halde fram med å nå breiare ut til publikummet i heile Vestland

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea, og samtidig legg tydeleg vekt på politiske prioriteringar i fylkeskommunar og kommunar.

2. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

3. Fylkestinget ber administrasjonen om å komme tilbake med framlegg til ein ny heilskapleg regional museumspolitikkk. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan.

4. Fylkestinget vil arbeide for å utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.

5. Fylkestinget ser at museene i Hordaland har et prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede alternativer for organisering av bygging og eierskap av et framtidig museumsmagasin. Det bes om utredning av følgende:

- Vestland fylkeskommune som eier og byggherre av magasinet.
- Museene og eventuelt andre aktører som eier og byggherre av magasinet.
- Eventuell annen eierform og/eller byggherremodell.

I utredningen må det gjøres rede for økonomiske konsekvenser av de forskjellige eierformene (herunder også eventuelle muligheter for momskompensasjon o.l), konsekvenser for prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet.

6. I samsvar med vedtekne regionale planar vil fylkestinget saman med stat og kommunar bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og musea si samlingsforvaltning. Av omsyn til den samla ressursbruken vil fylkestinget rå til at ein samordnar alle slike initiativ i musea med Bevaringstenestene.

7. Fylkestinget tek arbeidet med utviding av bygningsvernkonsulentordninga til vitande og legg til grunn at dette gjerast i samsvar med vedtekne regionale planar.

8. I lys av koronapandemien og usikkerheita det har medført og vil medføre framover for sektoren, vil fylkestinget oppmode om at musea framover fokuserer på å styrke den digitale formidlinga,

styrking av fagkunnskap og korleis ein kan halde fram med å nå breiare ut til publikummet i heile Vestland.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Frank Willy Djuvik stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i stiftinga Museumssenteret i Hordaland.

Jenny Følling (Sp) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Sunnfjord museum.

Nina Bognøy (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styreleder i Stiftinga Lyngheisenteret.

Kjell Gitton Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Kode Kunstmuseer og Komponisthjem.

Djuvik, Følling, Bognøy og Håland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Djuvik, Følling, Bognøy og Håland ikkje var inhabil og representantene tiltrådte behandling av saka.

June Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg - nytt punkt 1 og 2

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar.
2. I tett samarbeid med staten og kommunane vil fylkeskommunen arbeide for en berekraftig museumssektor i Vestland. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift og investeringar.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 5

Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber musea samarbeide om å leggje fram ulike alternativ for organisering av bygging og eigarskap av eit framtidig museumsmagasin. Dette kan til dømes vere:

- Vestland fylkeskommune som hovudeigar og byggherre av magasinet.
- Musea og eventuelt andre aktørar som hovudeigar og byggherre av magasinet.
- Eventuell anna eigarform og/eller byggherremodell.»

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 5

Fylkestinget ser at musea har eit prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget vil ta eigar- og utbyggjingsansvar for prosjektet i samarbeid med musea. Dette gjeld og arbeid med søknader til stat, kommunar og andre om økonomisk støtte til realisering av tiltaket.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-4 og punkt 6-8 vart samrøystes vedteke.

Indrevik sitt forslag fekk 15 røyster (H, U) og fall.

Kollbotn sitt forslag fekk 2 røyster (R) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 13 røyster (FNB, Pp, Frp, U) og fall.

Innstillinga punkt 5 fekk 52 røyster (Sp, MDG, A, H, KRF, R, SV, V) og vart vedteke mot 13 røyster (FNB, Pp, Frp, U).

Vedtak

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea, og samtidig legg tydeleg vekt på politiske prioriteringar i fylkeskommunar og kommunar.

2. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

3. Fylkestinget ber administrasjonen om å komme tilbake med framlegg til ein ny heilskapleg regional museumspolitik. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan.

4. Fylkestinget vil arbeide for å utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.

5. Fylkestinget ser at museene i Hordaland har et prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede alternativer for organisering av bygging og eierskap av et framtidig museumsmagasin. Det bes om utredning av følgende:

- Vestland fylkeskommune som eier og byggherre av magasinet.
- Museene og eventuelt andre aktører som eier og byggherre av magasinet.
- Eventuell annen eierform og/eller byggherremodell.

I utredningen må det gjøres rede for økonomiske konsekvenser av de forskjellige eierformene (herunder også eventuelle muligheter for momskompensasjon o.l), konsekvenser for prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet.

6. I samsvar med vedtekne regionale planar vil fylkestinget saman med stat og kommunar bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og musea si samlingsforvaltning. Av omsyn til den samla ressursbruken vil fylkestinget rå til at ein samordnar alle slike initiativ i musea med Bevaringstenestene.

7. Fylkestinget tek arbeidet med utviding av bygningsvernkonulentordninga til vitande og legg til grunn at dette gjerast i samsvar med vedtekne regionale planar.

8. I lys av koronapandemien og usikkerheita det har medført og vil medføre framover for sektoren, vil fylkestinget oppmode om at musea framover fokuserer på å styrke den digitale formidlinga, styrking av fagkunnskap og korleis ein kan halde fram med å nå breiare ut til publikummet i heile Vestland.

PS 15/21 Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Forslag til innstilling

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga fyrste avsnitt som gjeld klima- og miljøpris for landbruket vart vedteke mot 3 røyster (FNB, Frp, PP).

Innstillinga fyrste avsnitt som gjeld kulturlandskapspris vart vedteke mot 1 røyst (Frp).
Innstillinga andre avsnitt vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 02.03.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Det vert etablert kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for kulturlandskapsprisen vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Prisvinnaren vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB, U) og fall.

Innstillinga fekk 15 røyster (SP, A, SV, MDG, H, FrP, KRF, V) og vart vedteke mot 2 røyster (FNB, U).

Innstilling til fylkestinget

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Nils Haugland (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Det vert etablert ein kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for prisen vert godkjent slik den ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med denne prisen. Prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisen skal dekkast.»

Avrøysting

Haugland sitt forslag fekk 5 røyster (3U (Hege N. Dale, Morten Klementsens, Leif Fjellro), FNB) og fall.

Innstillinga fekk 62 røyster (Sp, MDG, 3U (Trym Aafløy, Hege N. Dale, Leif Fjellro), A, Frp, H, KRF, Pp, R, SV, V) og vart vedteke mot 3 røyster (1U (Morten Klementsens), FNB).

Vedtak

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

PS 16/21 Val av ny vara til stiftinga Bergen Sjøfartsmuseum

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:
.....

Saksprotokoll i valnemnda - 02.03.2021

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Hege Solbakken»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:
Hege Solbakken

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget gjer slikt val av ny varamedlem til styre i stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum:
Hege Solbakken

PS 17/21 Val av medlem til styringsgruppa Invest in Bergen

Innstilling

1.vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2.vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

Saksprotokoll i valnemnda - 02.03.2021

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«1. Sigbjørn Framnes
2. Sigrid Brattabø Handegard»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkestinget

1. Sigbjørn Framnes vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2. Sigrid Brattabø Handegard vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Sigbjørn Framnes vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.
2. Sigrid Brattabø Handegard vert vald som representant til styringsgruppa i Invest in Bergen.

PS 18/21 Val av fylkekommunen sine medlemmer i mangfaldsutvalet i Vestland

Forslag til innstilling:

1. Som Vestland fylkeskommune sine medlemmer/varamedlemmer i utvalet, vert valt:
Medlem:
Medlem:
Medlem:
Varamedlem:
Varamedlem:
Varamedlem:
2. Som leiar i utvalet vert valt:

Saksprotokoll i valnemnda - 02.03.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt utsetjingsforslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting

Golis sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Saka vert trekt.

PS 19/21 Kvammapakken - tilskot til takstreduksjon

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget om å halvere takstane i Kvammapakken.

Nye takstar vert slik:

Takstgruppe 1 (lette køyretøy)	25
Takstgruppe 2 (tunge køyretøy)	33

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Anne Gine Hestetun (A) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Ferde AS som er part i saka. Hestetun gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Hestetun var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd.

Hestetun gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 64 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget om å halvere takstane i Kvammapakken.

Nye takstar vert slik:

Takstgruppe 1 (lette køyretøy)	25
Takstgruppe 2 (tunge køyretøy)	33

PS 20/21 Søknad om tilskot til vitensenter

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet gir avslag på søknader om eingongssummar til både Vitensenteret ViteMeir og VilVite. Fylkesutvalet stiller seg positive til søknadene, men manglar investeringsmidlar til formålet i Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2021.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

Torbjørn Vereide (A) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V, Krf, fram slikt forslag:

«Alternativ:

3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingongsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søknadane kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen.»

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.

2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.

3. Vestland fylkeskommune gjev investeringstilskot på kr 4 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite. Løyvinga vert finansiert med auka sal av eigedom med kr 10 mill i investeringsbudsjettet for 2021. Dersom rekneskapen for 2020 syner overskot vil fylkestinget vurdere om tilskotet skal finansierast med overskotsmidlar frå 2020-rekneskapen til Vestland fylkeskommune.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet punkt 3 fekk ingen røyster og fall. Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, U) og fall.

Vereide sitt forslag vart vedtatt mot 3 røyster (Frp, U).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingongsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søknadane kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen.»

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Aleksander Fosse Andersen (SP) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS. Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Andersen var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd e. Andersen gjekk frå under behandlinga av saka.

John Andre Kongsvik (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han var vara til Bergen Vitensenter AS. Kongsvik opplyste at han ikkje var blitt innkalt til møte, og hadde difor ikkje møtt. Kongsvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Kongsvik ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd e.

Rasmus Laupsa Rasmussen stilte spørsmål om han var inhabil fordi han tidlegare hadde vore medlem av generalsamlinga av Vitensenteret. Rasmussen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok samrøystes at Rasmussen ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd e.

Karoline A. Bjerkeset, SP, var vara for Aleksander Fosse Andersen, SP, i denne saka.

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt forslag:

«3. Vestland fylkeskommune gjev investeringstilskot på kr 4 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite. Løyvinga vert finansiert med auka sal av eigedom med kr 10 mill i investeringsbudsjettet for 2021. Dersom rekneskapen for 2020 syner overskot vil fylkestinget vurdere om tilskotet skal finansierast med overskotsmidlar frå 2020-rekneskapen til Vestland fylkeskommune.»

Rasmus Laupsa Rasmussen, A, sette på vegne av A, SP, SV, KrF og MDG fram slikt forslag:

«3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingongsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søknadane kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 1 og punkt 2, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3, fekk 12 røyster og vart vedteke mot 3 røyster (H).

Fosse sitt forslag fekk ei røyst (FrP) og falt.

Rasmussen sitt forslag fekk 12 røyster og vart vedteke mot tre røyster (H).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingangsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Her må dei enkelte investeringsbehova konkretiserast slik at søknadane kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Sigbjørn Framnes (FrP) sette på vegner av FrP, H, U fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.
3. Vestland fylkeskommune gjev investeringstilskot på kr 4 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite. Løyvinga vert finansiert med overskot frå 2020-rekneskapen. Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni, og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.»

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3

3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingangsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Fylkesutvalet ber om at Vite Meir konkretiserer innvisteringsbehovet slik at begge søknadane kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen»

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:

«Saka vert satt på dagsorden til fylkestinget 09.-10. mars.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (FNB, U, H, FrP) og fall.

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 fekk ingen røyster og fall.

Bratli Dale sitt forslag fekk 10 røyster (SP, A, SV, MDG, KRF, V) og vart vedteke mot 7 røyster (FNB, U, H, FrP)

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.
2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.

3. Fylkesutvalet utset handsaming av investeringsmidlane, og ber om at søknadane om eingongsstøtte til VilVite og ViteMeir vert vurdert i samband med disponeringa av overskotet for 2020. Fylkesutvalet ber om at Vite Meir konkritisierer innvisteringsbehovet slik at begge søknadene kan vurderast best mogleg utifrå den økonomiske heilskapen.

4. Saka vert satt på dagsorden til fylkestinget 09.-10. mars.»

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Terje Søviknes (Frp) sette fram eit slikt felles forslag på vegner av fylkestinget:

«Alternativ

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.

2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.

3. Fylkestinget syner til søknad frå ViteMeir, med tilleggsinformasjon av 1. mars der det framgår at ein har eit resterande finansieringsbehov på 13,2 mill av investeringa på 21,16 mill. Vite meir søkjer om 5,05 mill, noko som vil tilsvare eit samla støttebeløp lik eigardelen vår i senteret. VilVite søkjer om 6 mill som tilsvare eit støttebeløp tilsvarande eigardelen vår i VilVite. Vestland fylkeskommune gjev på denne bakgrunn eit investeringstilskot på kr 5,05 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite.

4. Investeringstilskota, totalt kr 11,05 mill, vert finansiert med overskot frå 2020-rekneskapen. Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni, og kjem attende til endeleg finansiering av tiltaka i denne saka.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune innvilgar kr. 1 million i driftsstøtte til ViteMeir, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, i 2021, finansiert over løyvingsnivå 25 - Utviklingsmidlar frå Avdeling for innovasjon og næringsutvikling sitt budsjett.

2. Administrasjonen vert bedt om å finne løysing innanfor ramma til avdeling for innovasjon og næringsutvikling til innarbeiding av driftsstøtte for 2022 og vidare i samband med budsjettarbeidet.

3. Fylkestinget syner til søknad frå ViteMeir, med tilleggsinformasjon av 1. mars der det framgår at ein har eit resterande finansieringsbehov på 13,2 mill av investeringa på 21,16 mill. Vite meir søkjer om 5,05 mill, noko som vil tilsvare eit samla støttebeløp lik eigardelen vår i senteret. VilVite søkjer om 6 mill som tilsvare eit støttebeløp tilsvarande eigardelen vår i VilVite. Vestland fylkeskommune gjev på denne bakgrunn eit investeringstilskot på kr 5,05 mill til Vitensenteret ViteMeir og kr 6 mill til Vitensenteret VilVite.

4. Investeringstilskota, totalt kr 11,05 mill, vert finansiert med overskot frå 2020-rekneskapen. Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni, og kjem attende til endeleg finansiering av tiltaka i denne saka.

PS 21/21 Uttale: Vil elektrifisering av sokkelen hinda nye grønne arbeidsplasser i Vestland ?

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, Frp, H, V, KRF, U, frem slikt forslag:

«Uttale

Mottakar:
Olje- og energidepartementet - Statsråden
Stortinget v/ energi- og miljøkomiteen
Fylkesbenkane til Hordaland og Sogn og Fjordane på Stortinget

Vil elektrifisering av sokkelen hindra nye grønne arbeidsplasser i Vestland ?

Vestland fylke har som mål å vera i front i det grønne skiftet. 25 prosent av all fornybar energi vert produsert her. Dette kombinert med eit verdensleiande teknologimiljø, gjer at me har gode føresetnader for å lukkast. Elektrifisering, omstilling av industri og nyetablering av grønne næringar krev tilgang på fornybar kraft.

I tillegg til nettkapasiteten, kan paradoksalt nok vår største utfordring i å lukkast i det grønne skiftet verta tilgang på nok grønkraft dersom sokkelen skal elektrifiserast frå land. I OED ligg det no til handsaming søknad frå Equinor, med positiv innstilling, om å føre straum frå Kolsnes til fire nye plattformer, Oseberg Feltsenter, Oseberg Sør og Troll B og C. Frå før er Troll A og Gjøa drivne med kraft frå høvesvis Kollsnes og Mongstad. I same området skal Energiverket på Mongstad som til no har bidrege med kraftproduksjon i eit område der det elles ikkje er kraftproduksjon, fasast ut.

Parallellt med dette er det berre i Bergen/Norhordlandsregionen planar om nytt forbruk på 2800 MW. 2/3 av desse planane gjeld ny industri som vil skapa nye arbeidsplasser . I tillegg er det planar om ytterlegare industrietablering i andre deler av fylket. Dette vil skapa arbeidsplasser og styrkja Vestland si rolle i det grønne skiftet!

Vårt konkurransefortrinn med fornybar energi og teknologikompetanse må nyttast aktivt til å etablere grønne arbeidsplasser i Vestland!

1. Fylkestinget i Vestland ber Regjeringa gjennomføre ei konsekvensutgreiing av kva elektrifisering av sokkelen vil bety for kraftbalansen i Vestland, og mogleheitene for elektrifisering og ny næringsetablering i regionen.
2. Ved elektrifisering av sokkelen som eit klimatiltak, forventar Vestland fylkesting at nettkundane i vårt produksjonsområde ikkje skal bera kostnaden med nasjonal klimapolitikk i form av auka nettleige og auka straumpris. Elektrifiseringa må ikkje medføre dårlegare konkurransevilkår for anna industri og næring i Vestland.»

Avrøysting

Øren Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Mottakar:
Olje- og energidepartementet - Statsråden
Stortinget v/ energi- og miljøkomiteen
Fylkesbenkane til Hordaland og Sogn og Fjordane på Stortinget

Vil elektrifisering av sokkelen hindra nye grønne arbeidsplasser i Vestland ?

Vestland fylke har som mål å vera i front i det grønne skiftet. 25 prosent av all fornybar energi vert produsert her. Dette kombinert med eit verdensleiande teknologimiljø, gjer at me har gode føresetnader for å lukkast. Elektrifisering, omstilling av industri og nyetablering av grønne næringar krev tilgang på fornybar kraft.

I tillegg til nettkapasiteten, kan paradoksalt nok vår største utfordring i å lukkast i det grønne skiftet verta tilgang på nok grønkraft dersom sokkelen skal elektrifiserast frå land. I OED ligg det no til handsaming søknad frå Equinor, med positiv innstilling, om å føre straum frå Kolsnes til fire nye plattformer, Oseberg Feltsenter, Oseberg Sør og Troll B og C. Frå før er Troll A og Gjøa drivne med kraft frå høvesvis Kollsnes og Mongstad. I same området skal Energiverket på Mongstad som til no har bidrege med kraftproduksjon i eit område der det elles ikkje er kraftproduksjon, fasast ut.

Parallellt med dette er det berre i Bergen/Norhordlandsregionen planar om nytt forbruk på 2800 MW. 2/3 av desse planane gjeld ny industri som vil skapa nye arbeidsplasser . I tillegg er det planar om ytterlegare industrietablering i andre deler av fylket. Dette vil skapa arbeidsplasser og styrkja Vestland si rolle i det grønne skiftet!

Vårt konkurransefortrinn med fornybar energi og teknologikompetanse må nyttast aktivt til å etablere grønne arbeidsplasser i Vestland!

1. Fylkestinget i Vestland ber Regjeringa gjennomføre ei konsekvensutgreiing av kva elektrifisering av sokkelen vil bety for kraftbalansen i Vestland, og moglegheitene for elektrifisering og ny næringsetablering i regionen.
2. Ved elektrifisering av sokkelen som eit klimatiltak, forventar Vestland fylkesting at nettkundane i vårt produksjonsområde ikkje skal bera kostnaden med nasjonal klimapolitikk i form av auka nettleige og auka straumpris. Elektrifiseringa må ikkje medføre dårlegare konkurransevilkår for anna industri og næring i Vestland.

PS 22/21 Fråsegn: Kjønsdelte garderober på fylkeskommunale byggeplassar.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Kine Bratli Dale (A) sette på vegner av A, FNB, H, MDG, SP, SV, V, KRF, R, U frem slikt forslag:

«Fråsegn

Kjønsdelte garderober på fylkeskommunale byggeplassar

Arbeidsplassforskrifta slår fast at bygg- og anleggsplassar normalt skal ha skilde garderober for kvinner og menn, likevel får vi tydelege tilbakemeldingar frå bransjen om at dette ikkje er tilstrekkeleg. Sjølv om hovudregelen er at det skal opprettast kjønsdelte garderober på byggeplassen, har det det etablert seg ein praksis der garderober for kvinner berre blir etablerte ved behov og då gjerne etter at kvinner sjølv ber om det. Dette finst og på fylkeskommunale byggeplassar.

Bygg- og anleggsbransjen er ein bransje som i framtida vil krevje fleire tilsette. Per i dag ser vi bort frå ein stor del av arbeidsstyrken vår frå å delta i desse yrka på grunn av manglande tilrettelegging. I Vestland fylke utdannar vi bygg- og anleggsarbeidarane i framtida, det er derfor viktig at vi står fram som eit godt døme og sikrar gode og trygge arbeidsvilkår for arbeidstakarar og lærlingar som skal jobba på byggeplassane våre. Kvart år blir det gjort forsøk på å rekrutterer fleire kvinner til bygg- og anleggsbransjen men fasiten er framleis slik at det berre er ca. to prosent av fagarbeidarane i denne bransjen som er kvinner, kanskje kan vi bidra til å endra på det ved å leggja til rette for betra fasilitetar på byggeplassane.

Under årets lønnsoppgjer fekk Fellesoverenskomsten for byggfag mellom Byggenæringens Landsforening og Fellesforbundet på plass ei avgjerd om at det skal vera separate dame- og herregarderober og toalett med eigen inngang på alle byggeplassar der det blir rigga for fleire enn ti arbeidstakarar. Dette er ein stor siger for det likestilte arbeidslivet, men er ingen garanti frå bransjen i sin heilskap.

Frå 1. juli, når den nye avgjerda trer i kraft, vil det bli ei utfordring på bygg der til dømes entreprenøren er uorganisert og ein av underentreprenørane har tariffavtale og dermed krav om at det skal riggast for begge kjønn. Dette kan skapa juridiske usemjer og i verste fall gjera at organiserte bedrifter blir nedprioriterte som underleverandørar. Vestland fylkeskommune som ein seriøs arbeidsgivar og oppdragsgivar bør derfor ha tilsvarande avgjerder som i tariffavtalen for å sikra at vilkåra i avtalen blir oppfylt og at ikkje organiserte bedrifter blir utkonkurrert av useriøse aktørar.

Både Oslo kommune og Statsbygg praktiserer allereie slike avgjerder i anbudsgrunnlaga sine i tillegg til at det blir tilrådd som ein del av standardkontraktane til bransjeforeininga Norsk Eigedom.

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune skal sørge for at utbygger etablerer separate dame- og herregarderober og toalett med eigen inngang på alle fylkeskommunale byggeplassar. Bestemmelsen blir tatt inn i fylkeskommunens anbudsavgjerder umiddelbart og trer i kraft frå 1. juli 2021, skilde garderobefasilitetar skal òg innførast på eksisterande byggeplassar der det er mogleg.

Avrøysting

Bratli Dale sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fråsegn:

Vestland fylkeskommune skal sørge for at utbygger etablerer separate dame- og herregarderbar og toalett med eigen inngang på alle fylkeskommunale byggeplassar. Bestemmelsen blir tatt inn i fylkeskommunens anbudsavgjerdar umiddelbart og trer i kraft frå 1. juli 2021, skilde garderobefasilitetar skal òg innførast på eksisterande byggeplassar der det er mogleg.

PS 23/21 Uttale - GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksportennis meir.

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Anne Gine Hestetun (A) sette fram eit slikt fellesforslag på vegner av fylkestinget:

«GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksporten meir

Norge har eit stort potensiale for vekst i eksportnæringar, og for å vinna tilbake markedsandelar. Norge treng eksportinntekter for å finansiera velferd når inntektene frå olje vert redusert. Den planlagde samanslåinga av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliserast til Vestlandet/Bergen der næringskompetansen er, og fortrinnsvis til Bergen der fleire eksportnæringar er etablert og som i tillegg har eit sterkt finans- og forskningsmiljø.»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksporten meir

Norge har eit stort potensiale for vekst i eksportnæringar, og for å vinna tilbake markedsandelar. Norge treng eksportinntekter for å finansiera velferd når inntektene frå olje vert redusert. Den planlagde samanslåinga av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliserast til Vestlandet/Bergen der næringskompetansen er, og fortrinnsvis til Bergen der fleire eksportnæringar er etablert og som i tillegg har eit sterkt finans- og forskningsmiljø.

PS 24/21 Fråsegn: MVA-fritak for alternativ behandling

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Morten Klementsens (U) sette fram slikt forslag:

«Fråsegn

MVA-fritak for alternativ behandling

Frå 1. januar i år blei det innført 25 % merverdiavgift på alternativ behandling. Dette oppleves sterkt usosialt og rammer dei svakaste i samfunnet hardest.

I 2018 brukte nordmenn 4,7 mrd. kroner i året på alternativt behandling. (Kilde NAFKAM Nasjonalt forskningsenter innen komplementær og alternativ medisin). NAFKAM seier at nesten 40 % av oss benytter ein eller annan form for alternativ behandling årleg. Pasientar brukar oftast alternativ behandling som eit supplement til skulemedisin.

Ser ein til dømes til Sentral-Europa vert skulemedisin og alternativ behandling på sjukehus ofte nytta komplementært i felles samarbeid, for pasientens beste. Så langt har vi dessverre ikkje komen i Norge endå.

Alternativ behandling er ein samlebetegnelse på behandlingsformar som i hovudsak nyttast utanfor evidensbasert medisin. Nokre av behandlingsformane utførast av

helsefagleg utdanna personar. Dei 5 mest brukte alternative behandlingane er massasje, akupunktur, naprapati, healing og soneterapi. Brukarar begrunner ofte valet av behandlingsforma med ein subjektiv oppleving av positiv effekt.

Fylkestinget i Vestland meiner at alternativ behandling bør være mva-fritt.

Det var 64 representanter tilstades.

Avrøysting

Klementsens sitt forslag fekk 13 røyster (3U (Morten Klementsens, Hege N. Dale, Leif Fjellro), FNB, Pp, R) og fall.

Vedtak

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

PS 25/21 Desentralisering i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Gunnar Moland (H) sette på vegner av H, A, Frp, MDG, Sp, SV, V, KRF, U fram slikt forslag til vedtak:

«Innafor ramma av den organisasjonsgjennomgangen fylkestinget tidlegare har vedteke ber fylkestinget fylkesrådmannen utgreie mogelege modellar for desentralisering av arbeidsplassar og nye måtar å arbeide på i Vestland fylkeskommune i lys av digitaliseringa som fylkeskommunen har vore gjennom det siste året. Det skal utgreiast modellar for tilpassa bruk av heimekontor for den enkelte tilsette, desentraliserte eningar ute i fylket og andre fleksible arbeidsmetodar. Fylkesrådmannen vert også bedt om å gjere greie for utfordringar og moglegheiter knytta til arbeidsmiljø, produktivitet, kostnadar, ansvaret til fylkeskommunen som arbeidsgjevar og andre relevante omsyn. Målet for utgreiinga er å gje tilsette meir frivillig fleksibilitet og sjå på muligheiter for desentralisering av fylkeskommunen si verksemd. Difor må dei tilsette, gjennom m.a arbeidstakarorganisasjonane, inkluderast og bli høyrde i arbeidet.»

Avrøysting

Moland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Innafor ramma av den organisasjonsgjennomgangen fylkestinget tidlegare har vedteke ber fylkestinget fylkesrådmannen utgreie mogelege modellar for desentralisering av arbeidsplassar og nye måtar å arbeide på i Vestland fylkeskommune i lys av digitaliseringa som fylkeskommunen har vore gjennom det siste året. Det skal utgreiast modellar for tilpassa bruk av heimekontor for den enkelte tilsette, desentraliserte eningar ute i fylket og andre fleksible arbeidsmetodar. Fylkesrådmannen vert også bedt om å gjere greie for utfordringar og moglegheiter knytta til arbeidsmiljø, produktivitet, kostnadar, ansvaret til fylkeskommunen som arbeidsgjevar og andre relevante omsyn. Målet for utgreiinga er å gje tilsette meir frivillig fleksibilitet og sjå på muligheiter for desentralisering av fylkeskommunen si verksemd. Difor må dei tilsette, gjennom m.a arbeidstakarorganisasjonane, inkluderast og bli høyrde i arbeidet.

PS 26/21 Vestlandsbedriftene må følgje regjeringas næringslivsråd i Vest-Sahara

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KRF, R, U fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Vestland støtter vurderingen til norske myndigheter, Oljefondets etikkråd, FNs menneskerettighetsråd og ber næringslivet i Vestland om å avstå fra aktiviteter i territoriet som er i strid med ønskene til Vest-Saharas folk.»

Avrøysting

Laupsa Rasmussen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkestinget i Vestland støttar vurderinga til norske myndigheiter, Oljefondet sitt etikkråd, FN sitt menneskerettighetsråd og ber næringslivet i Vestland om å avstå frå aktivitetar i territoriet som er i strid med ønska til folk i Vest- Sahara.

PS 27/21 6 timars arbeidsdag er likestilling i praksis!

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkesting stiller seg positiv til eit pilotprosjekt for 6-timars arbeidsdag med full lønnskompensasjon i Vestland fylkeskommune, både i nord og sør-delen. Fylkestinget ber om at administrasjonen går i dialog med fagforeiningane og vernetenesta, for å velje aktuelle reinhaldsavdelingar, greie ut kostnader og potensielle innsparingar ved til dømes redusert sjukefråvær. Det vert sett ned eit partssamansett utval som skal arbeide fram ein modell for eit pionerprosjekt for 6-timars normalarbeidsdag, for reinhaldsarbeidarar ved ein utvalt skule i nord og ein i sør-delen av fylket. Pionerprosjektet skal presenterast for det første fylkestinget våren 2022, med sikte på oppstart innan 2023, og skal evaluerast etter eit år i samråd med administrasjonsutvalet.»

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF og Sp fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune er oppteken av likestilling og ikkje-diskriminering, og av å legge tilrette for godt og helsefremmande arbeidsmiljø. Og opplever at det vert kontinuerleg arbeid med tiltak som kan redusere sjukefråvær.

Fylkestinget meiner det ikkje ligg føre tilstrekkeleg grunnlag til å hevde at generelle forsøk med 6-timersdag vil vere beste tiltak for å nå måla ovanfor.

Ein ber administrasjonen, saman med partane, gjennom administrasjonsutvalet, vurdere korleis ein som arbeidsgjevar best kan møte dei utfordringane som kan kome for arbeidstakarar og yrkesgrupper som i særleg grad har ytt ein ekstra innsats gjennom pandemien, og slik førebygge sjukefråvær.»

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget ønsker å initiere et samarbeid/dialog med partene i arbeidslivet, gjennom Administrasjonsutvalget, om å redusere normalarbeidstiden i et prøveprosjekt, med stor fleksibilitet for hvordan arbeidstid og arbeidstidsreduksjon skal organiseres.»

Det var 64 representantar tilstades.

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk 7 røyster (R, SV, V) og fall.

Golis sitt forslag fekk 30 røyster (MDG, 3U (Morten Klementsens, Hege N. Dale, Leif Fjellro), A, R, SV, V) og fall.

Brosvik sitt forslag fekk 36 røyster (Sp, 1MDG (Pauline Tomren), 2U (Trym Aafløy, Leif Fjellro), 5Frp (Sigbjørn Framnes, Terje Søviknes, Helge Stormoen, Frank Willy Djuvik, Hogne Bleie), H, KRF, 3SV (Marianne Sæhle, Marthe Hammer, Symphorien Pombe)) og vart vedteke mot 28 røyster (4MDG (Mona Høgli, Mark Taylor, Natalia Golis, Øyvind Strømme), 2U (Morten Klementsens, Hege N. Dale), A, FNB, 1Frp (Bjarte Vatnøy), R, 1SV (Åsmund Berthelsen), V).

Vedtak

Vestland fylkeskommune er oppteken av likestilling og ikkje-diskriminering, og av å legge tilrette for godt og helsefremmande arbeidsmiljø. Og opplever at det vert kontinuerleg arbeid med tiltak som kan redusere sjukefråvær.

Fylkestinget meiner det ikkje ligg føre tilstrekkeleg grunnlag til å hevde at generelle forsøk med 6-timersdag vil vere beste tiltak for å nå måla ovanfor.

Ein ber administrasjonen, saman med partane, gjennom administrasjonsutvalet, vurdere korleis ein som arbeidsgjevar best kan møte dei utfordringane som kan kome for arbeidstakarar og yrkesgrupper som i særleg grad har ytt ein ekstra innsats gjennom pandemien, og slik førebygge sjukefråvær.

PS 28/21 Landstrøm til oljeutvinning er eit blindspor i klimakampen

Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, MDG og A fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Vestland meiner elektrifisering av sokkelen basert på landstraum er feil veg å gå fordi det mellom anna kan fortrenge anna fornybar industrisatsing og føre til auka press på naturen. Fylkestinget meiner at elektrifisering av sokkelen må skje gjennom ei auke i CO2-avgifter på sokkelen, kombinert med eit pålegg om at oljenæringa må skaffe straumen sjølv gjennom oppbygging av fornybar energi til havs, til dømes offshore havvind.»

Helge Stormoen (Frp) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Vestland meiner elektrifisering av sokkelen basert på landstraum er feil veg å gå fordi det mellom anna kan fortrenge anna fornybar industrisatsing og føre til auka press på naturen.»

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget i Vestland meiner elektrifisering av sokkelen er feil veg å gå fordi det vil føre til auka press for vindkraftutbygging, nye kraftkablar i verdifull natur og vil auke straumprisane. Fylkestinget er også bekymret for at en storstilt elektrifisering vil forlenge oljealderen, og forsinke omstillingen av norsk økonomi. Når vi vet at om lag 98 prosent av utslippene skjer ved forbrenning, så er det åpenbart at en bør være meget skeptisk til alle klimatiltak som bare bidrar til å kutte i de to prosentene som skjer ved utvinning.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk 4 røyster (2MDG (Pauline Tomren, Mark Taylor), R) og fall.

Stormoen sitt forslag fekk 15 røyster (U, FNB, Frp, Pp, R) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 23 røyster (MDG, A, SV) og fall. Trym Aafløy (U) stemte ikkje.

Vedtak

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.